

Jan Are Remme

Organisering av FoU-verksemda ved dei  
statlege høgskulane

NIFU skriftserie nr. 31/97

NIFU - Norsk institutt for studier av  
forskning og utdanning  
Hegdehaugsveien 31  
0352 Oslo

ISSN 0808-4572

## FORORD

Dei siste åra er forskning og utviklingsarbeid (FoU) løfta fram som ein sentral og viktig aktivitet ved dei statlege høgskulane. Lov om universitet og høgskular slår mellom anna fast at statlege høgskular skal utføre forskning og utviklingsarbeid, resultata frå denne aktiviteten skal implementerast i undervisninga (forskingsbasert undervisning), og ein har fått formidlingsansvar ut over det som skjer gjennom undervisning. Høgskulane står dermed i dag ovanfor nye utfordringar og krav med omsyn på verksemda enn tidlegare.

Denne rapporten er utarbeidd på oppdrag frå Norges forskningsråd, Område for Strategi. Vi ser spesielt på kva organisasjonsformer og strategiar ein har vald for å handtere dei nye oppgåvene innan forskning og utviklingsarbeid, og på samarbeids-relasjonar mellom høgskulane og andre forskings- og utdanningsinstitusjonar.

Oslo, desember 1997

Berit Mørland  
Instituttstjef

Svein Kyvik  
Seksjonsleiar





# INNHALD

1	Innleiing .....	7
1.1	Forskning og utviklingsarbeid - definisjonar og grensegangar .....	8
1.2	Tid, økonomi, kompetanse og samarbeid .....	10
1.3	Datamaterialet .....	12
2	Forskning og utviklingsarbeid ved dei statlege høgskulane .....	13
2.1	Fagpersonalet .....	13
2.2	Statlege høgskular som organisasjonar .....	14
2.3	Oppdragsforskning .....	15
2.4	Samarbeidsrelasjonar .....	15
2.5	Lover, økonomiske løyvingar og rammeplanar .....	16
2.6	Verkemiddel- og tiltaksapparat .....	17
3	Organisering av FoU-verksemda ved dei statlege høgskulane .....	20
3.1	Dei enkelte høgskulane .....	20
3.2	FoU-organiseringa ved høgskulane - likskapar og ulikskapar .....	35
3.3	Kompetanseutvikling - ei samanfating .....	39
4	Forholdet til regionale forskingsinstitutt .....	44
4.1	Regionale forskingsinstitutt i randsona til statlege høgskular .....	44
4.2	Samarbeid og samverke .....	46
6	Avrunding .....	49
	Litteratur .....	51
	Vedlegg 1: Brev om studien frå NIFU til høgskulane .....	53
	Vedlegg 2: Brev til dei statlege høgskulane om rapportutkast og spørjeskjema. .....	57
	Vedlegg 3: Spørjeskjema om organisering av FoU-verksemda ved statlege høgskular.	58
	Vedlegg 4: FoU-ansvarlege ved dei statlege høgskulane per 1. desember 1997.	

.....60



# 1 Innleiing

Den statlege høgskulesektoren har dei seinare åra gått gjennom fleire reformer. Desse har påverka organiseringa av og verksemnda i høgskulane, og ein kan skilje mellom strukturreformer, personalreformer og innhaldsreformer. I 1994 slo ein saman 98 regionale høgskular til 26 statlege høgskular. Samanslåingsprosessen femna om dei tidlegare distriktshøgskulane, lærarhøgskulane, ingeniørhøgskulane, sjukepleiar-høgskulane, sosialhøgskulane og meir spesialiserte yrkesfaglege høgskular. Dei nye statlege høgskulane varierer i storleik, akademisk profil, organisasjonsstruktur og geografisk lokalisering. Samstundes innførte ein nye og felles reglar for organisering og styring av institusjonane i universitets- og høgskulesektoren. Mellom anna vart dei statlege høgskulane delt inn i avdelingar samstundes som ein oppretta ein ny administrativ struktur. Det vart og innført eit demokratisk styringssystem etter modell frå universiteta med skilje mellom fagleg og administrativ leiing på alle styringsnivå. Endringane fekk si formelle forankring i lov om universitet og høgskular av 12. mai 1995<sup>1</sup>.

Vidare vart det i rundskriv F-14-95 KUF av 1. februar 1995 innført ny og felles stillingsstruktur for undervisnings- og forskarstillingar ved universitet og høgskular. Rundskriv F-93-92 KUF om løns- og arbeidsvilkår for undervisnings- og forskar-stillingar ved universitet og høgskular, regulerer rettar og plikter for fagleg tilsette ved statlege høgskular.

Universitets- og høgskulelova stiller krav til verksemnda som vert utført ved institusjonane i denne sektoren. I formålsparagrafen blir det mellom anna sagt at institusjonane i UoH-sektoren skal gi høgare utdanning basert på det fremste innan forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap (forskingsbasert undervisning), og at det skal utførast forskning og fagleg utviklingsarbeid og/eller kunstnarisk utviklingsarbeid ved institusjonane (jf. §2 pkt. 1& 2). Vidare spesifiserer ein at universiteta og dei vitskapelege høgskulane har eit særskilt nasjonalt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning, medan dei statlege høgskulane skal utføre forskning og

---

<sup>1</sup> Lova tok formelt til å gjelde 1. januar 1996.



utviklingsarbeid av spesiell interesse for regionen ein høyrer til eller knytta opp mot utdanningane ein tilbyr.

Reformene kan delvis sjåast som sjølvstendige prosessar og delvis som endringar som heng saman. Bakgrunnen for reformene var å styrkje fagmiljø gjennom auka samarbeid og arbeidsdeling/spesialisering (Norgesnett), og oppnå rasjonaliseringsvinstar gjennom stordriftsfordelar, lokal fleksibilitet og auka administrativ profesjonalitet. Sjølv om det er tidleg å spore effektar av reformene, har høgskulane i dei to og eitt halvt åra som har gått sidan reformene vart iverksett brukt klart meir tid og ressursar på å utvikle gode administrasjonsordningar og administrative system enn på å utvikle den faglege verksemnda (Kyvik, 1997).

Forsking og utviklingsarbeid har tradisjonelt lange tradisjonar innan disiplinorienterte høgskuleutdanningar og fagområde, medan det er ein relativt ny aktivitet innan yrkes- og profesjonsutdanningane. Historiske skilnader i stillingsstruktur, kompetansekrav og stillingsinnhald mellom dei tidlegare regionale høgskulane verkar å vere sentrale forklaringsvariablar til desse forskjellane (Hesjedal, 1996b; Kyvik og Skodvin, 1996). Og nyare undersøkingar viser at vilkåra og tradisjonane for FoU-arbeid er ulik mellom høgskular og fagområde (Skodvin og Kyvik, 1994; Remme m.fl., 1997). Likevel slår ein i NOU 1993:24 fast at:

*I de senere årene har en ved høyskoler også utenom distriktshøyskolene prioritert FoU-arbeid stadig sterkere, dels som et resultat av behov for å finne svar på spørsmål som står sentralt i den aktuelle utdanningen, dels som resultat av prosessen med å bli "høyskole" og dels av personalpolitiske grunner (s. 41).*

Om det er vanskeleg å spore effektar på fagleg orientering og omfang, har omorganiseringa av høgskulesektoren, Lov om universitet og høgskular og Norgesnettarbeidet sett forsking og utviklingsarbeid (FoU) i fokus. I dag manglar vi ein samla, grundig oversikt over forskings- og utviklingsarbeidet ved dei statlege høgskulane (Hesjedal, 1996a). Denne rapporten har som siktemål å gi ei foreløpig oversikt og analyse av korleis ein organiserer og legg til rette for forsking og utviklingsarbeid ved dei statlege høgskulane.

## 1.1 Forsking og utviklingsarbeid - definisjonar og grensegangar

Forsking og utviklingsarbeid (FoU) er i følgje OECD; *verksemd av original karakter som blir utført systematisk for å auke fondet av viten, medrekna kunnskap om menneske, kultur og samfunn, og for å nytte denne viten til å finne nye bruksmåtar. Verksemda bør innehalde eit visst element av nyhende for å bli rekna som FoU* (Frascati manualen, OECD 1994). Forsking og utviklingsarbeid kan brytast ned i fleire og ulike aktivitetar, men det er vanleg å nytte ei tredeling i grunnforskning, anvend forskning og utviklingsarbeid.

I følgje OECD er grunnforskning eksperimentell eller teoretisk verksemd som primært vert utført for å få fram ny kunnskap om det underliggende grunnlaget for fenomen og observerbare fakta, men utan mål om å dekkje spesielle funksjonar eller behov. Grunnforskning er primært eit ansvar for universiteta og dei vitsskapelege høgskulane (jf. universitets- og høgskulelova §2 punkt 6), men det foregår og ved dei statlege høgskulane. Då helst innan område som ikkje er dekt av grunnforskingsinstitusjonane eller som er av spesiell regional interesse. Det er variasjonar mellom dei enkelte, og spesielt høgskular dominert av tidlegare distriktshøgskular verkar å ha noko større aktivitet innan grunnforskning enn andre (Remme m.fl., 1997).

Anvend forskning skil seg frå grunnforskning ved at denne verksemda primært er retta mot praktiske mål eller bruksområde. Til dømes fell oppdragsforskning som regel innafor denne kategorien. Mengda av anvend forskning varierer mellom høgskulane, men generelt gjeld det at ein utfører meir anvend forskning enn grunnforskning.

OECD definerer utviklingsarbeid som systematisk verksemd som nyttar eksisterande kunnskap frå forskning og praktisk røynsle og som er retta mot; 1) å framstille nye eller vesentleg forbetra materiale, produkt eller innretningar, eller 2) å innføre nye eller vesentleg forbetra prosessar, system eller tenester. Tradisjonelt er utviklingsarbeid knytta mot teknologi og berre i liten grad mot samfunnsfag og humaniora. Kunstnarisk utviklingsarbeid og delar av den verksemda som vert kalla pedagogisk utviklingsarbeid fell utanfor. På same måten blir ikkje forsøksverksemd og utgreiingsarbeid rekna som FoU i OECDs definisjon, sjølv om det fell innafor høgskulane sin eigen bruk av FoU-omgrepet.

Av denne grunn har ein i fleire undersøkingar av høgskulesektoren nytta ei vid avgrensing av FoU-omgrepet (Skodvin og Kyvik, 1994; Remme m.fl., 1997). I tillegg til kategoriane nemnt ovanfor, trekkjer ein inn fleire og meir spesifiserte kategoriar. Utgreiingsverksemd, forsøksverksemd og andre faglege aktivitetar (utanom undervisning) kjem blant anna inn som eigne kategoriar. Dette gir eit meir nyansert og røyndomsnært omgrep, men bryt samstundes med OECDs avgrensing av FoU.

I denne rapporten legg vi til grunn ei vid tyding av FoU-omgrepet. Det kan forsvarast på bakgrunn av grensegangar og definisjonar i universitets- og høgskulelova (jf. § 2), samt praksis og faktisk bruk av omgrepet i høgskulesektoren.

## 1.2 Tid, økonomi, kompetanse og samarbeid

Forskning og utviklingsarbeid føreset ressursar i form av tid, økonomi og kompetanse. Samstundes stiller ei omskiftande verd med stor endringstakt og knappe ressursar nye krav til samarbeid og samverke innan forskning og utdanning nasjonalt såvel som internasjonalt.

Det er ikkje fastsett noko generell norm for tidsbruk på forskning og utviklingsarbeid ved dei statlege høgskulane. KUF foreslo i St meld nr 40 (1990-91) at dei regionale høgskulane skulle setje av ressursar slik at fagpersonalet nytta 75 prosent av arbeidstida til undervisningsrelaterte oppgåver og 25 prosent til forskning. Forslaget vart ikkje tatt til følgje i Stortinget, men det vart understreka at ein som minstemål burde oppretthalde nivået og eventuelt styrkje det i åra framover. Ein viktig grunn for dette vedtaket var omsynet til autonomi og lokal fleksibilitet ved høgskulane. Høgskulane står dermed fritt til å bestemme eigne tidsfordelingsnøklar for sine faglege tilsette. Vidare er retten og plikta til å utføre FoU-verksemd institusjonell og ikkje individuell. Dette har KUF understreka ved fleire høve samstundes som ein har vore restriktiv med omsyn på å innføre faste tidsfordelingsnøklar for stillingskategoriar<sup>2</sup>. I 1995 brukte fagpersonalet ved dei statlege høgskulane i gjennomsnitt 16 prosent av arbeidstida til forskning og andre faglege aktivitetar eksklusiv undervisning. Her er det derimot store skilnader mellom høgskular og fagområde. Frå 29 prosent av arbeidstida som det høgste til eit par prosent som det minste når det gjeld høgskular, og 24 prosent som det høgste til 8 prosent som det minste for fagområde (Remme m.fl. 1997).

Etter dagens system må høgskulane sjølv i stor grad prioritere slik aktivitet over eigne budsjett og individuelle arbeidsplanar. Forskingsstatistikken for 1995 syner at over 80 prosent av forskings- og utviklingsarbeidet ved dei statlege høgskulane blir finansiert via grunnbudsjetta. Den resterande delen vert finansiert av eksterne kjelder som departement mv., Norges forskningsråd og næringslivet. Også når det gjeld finansieringsprofil er det variasjonar mellom høgskular og fagområde.

---

<sup>2</sup> Jamfør til dømes rundskriv F-93/92 KUF om løns- og arbeidsvilkår for undervisnings- og forskarstillingar ved universitet og høgskular.

Forskning og utviklingsarbeid føreset kvalifisert fagpersonale, og som regel må ein ha formalkompetanse på hovudfagsnivå eller høgre for å kunne utføre slik aktivitet. I visse tilfelle kan realkompetanse vege opp for manglande formalkompetanse, og i andre tilfelle krev ein forskingskvalifikasjonar på doktorgradsnivå. Kompetansenivået varierer mellom høgskular og fagområde. Generelt gjeld det at fagpersonale ved statlege høgskular samansett og dominert av tidlegare distriktshøgskular og disiplin-orienterte utdanningar har høgare kompetansenivå enn fagpersonale ved høgskular dominert av yrkes- og profesjonsutdanningar (Skodvin, 1997).

Kompetanseheving er sett på som avgjerande ikkje berre for oppfylling av måla om forskingsbasert undervisning og styrka FoU-verksemd, men og for å nå måla med Norgesnett:

*Dersom de nye høgskoleenhetene skal få muligheter til å utvikle ny spisskompetanse og fungere som knutepunkt i Norgesnett, er behovet for kompetanseheving stort (NOU 1993:24:40).*

Forskning og utviklingsarbeid skjer ofte i samarbeid og samverke med andre forskings- og utdanningsinstitusjonar. Norgesnett byggjer på forventninga om at ein oppnår styrka fagmiljø og betre ressursutnytting gjennom arbeidsdeling, spesialisering og stordriftsfordelar i UoH-sektoren. 14 høgskular har regionale forskingsinstitutt knytta til seg, og mellom desse er det som regel utarbeidd formelle avtalar om prosjekt-samarbeid og personalutveksling. I fleire tilfelle er ein og samlokalisert. Stort sett alle høgskulane har avtalar om forskarutdanning o.l. med universitet og vitskapelege høgskular. Det er og vanleg å delta i nasjonale og internasjonale forskingsprogram.

Samarbeid mellom høgskular og andre forskings- og utdanningsinstitusjonar og høgskulane si deltaking i eksterne tiltak er regulert i universitets- og høgskulelova §17:

*En institusjon kan, innenfor generelle retningslinjer fastsatt av departementet, opprette eller delta i selveiende tiltak eller i selskap*

*når slik deltakelse er av interesse for institusjonens faglige virksomhet og til nytte for samfunnet. Institusjonen må ikke begrense sin selvstendighet i faglige spørsmål og kan ikke skille ut sine ordinære undervisnings- og forskningsoppgaver (§17 pkt. 1).*

I tillegg til å setje krav til innhald og form på slikt samarbeid, seier lova at alt samarbeid og samverke med andre institusjonar eller deltaking i eksterne tiltak skal regulerast av rammeavtalar mellom høgskulane og samarbeidande partar, og at rammeavtalane må godkjennast av departementet. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet fastsette 3. april 1995 “retningslinjer for samarbeid mellom nye statlige høgskoler og offentlige og private stiftelser eller selskap”. Retningslinjene samsvarar med rammene og vilkåra uttrykt i universitets- og høgskulelova (§17) og gir nærmare reglar for samarbeid mellom høgskular og andre forskings- og utdanningsinstitusjonar.

### 1.3 Datamaterialet

Undersøkinga femnar om alle dei 26 statlege høgskulane i Norge. Sidan høgskulane endå må seiast å vere inne i ein omstillingsperiode prega av nye organisasjonsformer, samlokalisering og tilpasning til nye mål og oppgåver, er det til dels kompliserte og uferdige strukturar og prosessar vi prøver å kartleggje.

Datainnsamlinga skjedde i to rundar i perioden mars-november 1997. I første runde tok vi kontakt med høgskulane sentralt og ba ein sende skriftleg materiale som direkte eller indirekte omhandla FoU-verksemnda. I utgangspunktet var vi interessert i alt materiale som omhandla organisering, strategiar, verkemiddel, tiltak mv. i samband med forskning og utviklingsarbeid ved høgskulane (jf. vedlegg 1). Innsend materiell variererer i mengde og innhald. Ei forklaring er at FoU-verksemnda varierer mellom høgskulane, men det kan og vere uttrykk for ulik grad av organisering og kartlegging av FoU-verksemnda frå sentrale instansar ved høgskulane.

På bakgrunn av materialet samla inn i første runde vart det skriven eit utkast til rapport om organisering av FoU-verksemnda. Denne saman med eit skjema for innhenting av meir samanliknbare data (jf. vedlegg 2 & 3) vart så send ut til høgskulane for kommentar, korrigerering og innhenting av ny informasjon. Formålet

var dels å få ekstra informasjon og dels å gjennomføre ein reliabilitetskontroll. Ved høgskulane fekk ein høve til å lese gjennom og korrigere opplysningane vi ønskte å presentere i rapporten. Datainnsamlinga i første runde sikra ikkje at alle relevante opplysningar kom inn. Samstundes var opplysningane ofte vanskelege å samanlikne.

Utanom det nemnte spørjeskjemaet (vedlegg 3), består store delar av datamaterialet av årsmeldingar, strategiplanar og budsjettdokument. Slike dokument er ofte normative i den forstand at ein presenterer institusjonane sine visjonar, mål og verdiar ovanfor omverda og løyvande styresmakter. Utanom måltal, budsjettal eller andre konkrete storleikar, må ein derfor vere varsam slik at ein ikkje blandar mål og verdiar med skildring av korleis ting faktisk er ved høgskulen.

Datamaterialet opnar primært for samanlikning på høgskulenivå, det vil seie mellom dei enkelte høgskulane. Men medan delar av datamaterialet gir godt grunnlag for samanlikningar, er andre delar mindre eigna til dette. Dette bør ein vere bevisst når ein kjem til framstillinga av empirien i kapittel 3.



## 2 Forsking og utviklingsarbeid ved dei statlege høgskulane

Dei statlege høgskulane har tre primærfunksjonar; undervisning, forskning og formidling. Desse oppgåvene er nedfelt i formålsparagrafen (§ 2) til universitets- og høgskulelova. Prioriteringane mellom dei enkelte er derimot ikkje like klar. Blant anna prøvde Høgskolen i Harstad i 1996 å fastsette ei avtalefesta og differansiert fordeling av arbeidsoppgåver for faglege tilsette på ulike stillingsnivå. Kort sagt skulle fagpersonar bruke meir tid til forskning og utviklingsarbeid dess høgare i stillingshierarkiet ein var plassert. Etter reaksjon frå tillitsvalde, gjekk KUF mot dette vedtaket og kjente det ugyldig. Ein var uroa over signala og eventuell presedens vedtaket kunne skape i forhold til rettar og plikter som fagleg tilsett ved høgskulane.

Dei same oppfatningane kjem til uttrykk i Innst. S. nr. 230 (1990/91) og rundskriv F-93-92 frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet; Høgskulane står relativt fritt til å bestemme arbeidsoppgåver gjennom individuelle arbeidsplanar, men dette skal ikkje redusere lokal fleksibilitet og styringsevne ved avtalefesting på generelt grunnlag.

Verksemda ved dei statlege høgskulane generelt og FoU-aktiviteten spesielt vert blant anna påverka av kjenneteikn ved fagpersonalet, eigenskapar ved høgskulane som organisasjonar, organisering av eksternt retta verksemd, samarbeidsrelasjonar og rammer og føringar gitt gjennom lover og økonomiske løyvingar frå sentrale styresmakter.

### 2.1 Fagpersonalet

Fagpersonalet er ikkje ei homogen masse. Det er snakk om personar med ulik bakgrunn, real- og formalkompetanse, og ein må forvente skilnader i interesse og fokus i arbeidet. Generelt kan det vere nyttig å skilje mellom utdannings- og erfaringsbakgrunn, og om faget er disiplinerorientert eller praksisorientert. Innan praksisorienterte fag står erfaringskunnskap og praksisopplæring sentralt. Undervisninga er handlingsretta og teori har vanlegvis ei mindre sentral rolle. Motsett står teori sterkt innan disiplinerorienterte fag samstundes som ein er opplært i og legg vekt på vitenskapelig metode og formidling. På denne bakgrunn er det ei rimeleg forventning at fagpersonalet sine haldningar

til og oppfatningar om FoU til dels kan lesast ut av fagtradisjonar og orienteringar.

## 2.2 Statlege høgskular som organisasjonar

På det institusjonelle nivå rettar ein merksemda mot den lokale organisasjons-utforminga, kjenneteikn ved høgskulane som profesjonelle organisasjonar og på forholdet til omverda. Eit analytisk utgangspunkt er å skilje mellom formell og uformell organisasjon. Førstnemnte siktar mot konkrete forhold som seier noko om korleis organisasjonen ser ut, til dømes organisasjonskart, autoritetsforhold, kommunikasjons-linjer og arbeidsoppgåver. Sistnemnte viser til den faktiske verkemåten til organisasjonen, til dømes organisasjonsåttferd, oppgåveløysing og elles andre faktiske handlingar. Det er forventa at den formelle organisasjonen, som den mest synlege og handgripelege, må tilpassast institusjonaliserte normer internt og eksternt. Dette er strukturar som relativt lett kan tilpassast endra normer, nye lover eller motar. Samstundes kan ein nytte heilt andre strukturar for å samordne faktisk handling (Brunsson og Olsen, 1990).

Av dette kan ein ikkje slutte direkte frå formelle strukturar til organisasjonsåttferd. Ein må vere open for at åttferda kan avvike frå det som formelt er bestemt, og for at faktorar utanfor leiarane og planleggjarane si rekkevidde kan påverke åttferda i høgskulane.

Blant anna kan høgskulane karakteriserast som profesjonelle organisasjonar, ekspertorganisasjonar, laust koplade system e.l. (t.d. Weick, 1976; Mintzberg, 1979; Scott, 1995). Slike organisasjonar er kjenneteikna av forholdsvis autonome yrkesutøvarar, ofte knytta til ein spesifikk profesjon, som står for størstedelen av verksemda i høgskulen, arbeidet foregår for ein stor del utan direkte eller indirekte instruksjon, eksterne aktørar (inkludert studentar) er ikkje forventa å ha stor innverknad på arbeidet trass representasjon i ulike styringsorgan, og den administrative staben er relativt liten samanlikna med andre typar organisasjonar. Som regel er dei formelle styringsorgana godt representert med personar vald av og blant fagpersonalet. Høgskulane kan likevel ikkje seiast å vere under full kontroll og styring av fagfolka. Høgskulane er komplekse organisasjonar med mange og ulike tradisjonar, normer og interesser. Desse har utvikla seg over tid og kan oppfattast som institusjonelle strukturar som legg føringar på verksemda i høgskulane. Generelt har ein påvist to sentrale normer i profesjonelle organisasjonar; 1) At fagpersonalet søker kollektiv kontroll over administrative vedtak som påverkar dei, til dømes

tilsettingar og ressursfordeling (demokrati/deltaking), og 2) ei norm om autonomi for fagfolka (Mintzberg, 1979; Scott 1995). Reformer som ikkje vert gjenstand for kollektive drøftingar, som ikkje tek omsyn til fagpersonalet sin råderett over bestemte sfærer og som ikkje går gjennom dei rette vedtaksprosessane i dei rette organa, kan ha store problem med å få gjennomslag i høgskulane.

## 2.3 Oppdragsforskning

Ein kan skilje mellom tre ulike modellar for organisering av eksternt retta prosjektarbeid og oppdragsforskning. Universitets- og høgskulelova §17 set generelle grenser for samarbeid og samverke, KUF har utferda forskrifter for oppdragsverksemd samt at høgskulane sjølve kan gi utfyllande reglar for denne typen verksemd.

Den vanlegaste modellen er generelle retningslinjer for finansiering og betaling av oppdragsforskning utført i arbeidstida. Dei fagleg tilsette må forhalde seg til desse reglane, men står elles fritt til sjølve å ta initiativ, ordne finansiering og utføre arbeidet. Ofte er personleg initiativ ikkje berre ei drivkraft men og ein føresetnad for at oppdragsforskning i det heile skal forekome.

Nokre høgskular har oppretta eigne einingar som skal tilretteleggje for og utføre oppdragsforskning. Det kan vere snakk om avdelingar eller seksjonar med organisatorisk plassering på linje med ordinære avdelingar. Denne modellen innebêr ei organisatorisk kanalisering og styring av oppdragsverksemda samstundes som denne aktiviteten får eit administrativt støtteapparat knytta til seg på ein annan måte enn modellen ovanfor. Høgskolen i Oslo har mellom anna vald denne modellen, og når fagpersonalet utfører oppdragsforskning er ein formelt knytta til oppdragseininga.

Ein del høgskular organiserer store delar av den eksternt retta aktiviteten og oppdragsforskinga gjennom regionale forskingsinstitutt. Møreforskning si rolle i forhold til høgskulane i Møre og Romsdal er døme på dette. Denne organiseringa er som regel fagleg og konkurransemessig motivert. Ved å samle dei faglege ressursane står ein sterkare i konkurranse om knappe forskingsressursar regionalt og nasjonalt. For høgskulane representerer og dei regionale forskingsinstitutta eit administrativt støtte-apparat ein sjeldan rår over sjølve.

## 2.4 Samarbeidsrelasjonar

Fleire forhold har konsekvensar for samarbeidsrelasjonane til høgskulane. Den fysiske lokaliseringa av høgskulane har innverknad på planlegging, samordning og koordinering av såvel intern som ekstern verksemd. Talet på eller omfanget

av andre forskingsmiljø i rimeleg nærleik har konsekvensar for moglegheitene for samarbeid og samverke på tvers av institusjonsgrenser, og den regionale infrastrukturen i offentleg verksemd og næringsliv set grenser for økonomiske ytingar og kva som er relevante FoU-prosjekt.

Norgesnettarbeidet legg relativt klare føringar på orienteringar og strategiar ved høgskulane. Både interne prioriteringar og samarbeidsrelasjonar er prega av knutepunkta ein er tildelt eller ønskjer å få tildelt. Samarbeid og arbeidsdeling mellom institusjonane i universitets- og høgskulesektoren er ein av føresetnadene bak ideen om Norgesnett. Ein skal fordele arbeidsområde, konsentrere spesialkompetanse og skape miljø som kan utføre forskning og utviklingsarbeid på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.

Stort sett alle høgskulane har formelle samarbeidsavtalar med andre forskings- og utdanningsinstitusjonar. Høgskulane som er knytta til regionale forskingsinstitutt har formelle avtalar om personalutveksling, prosjektsamarbeid etc. Stort sett alle høgskulane samarbeider med universitet om forskarutdanning, og i somme tilfelle hovudfagsutdanning. Frå Høgskulen i Volda melder ein om eit vellykka samarbeidsprosjekt med NTNU som har ført til 6-7 avlagte doktorgradar, medan Høgskulane i Stavanger, Telemark og Harstad tilbyr dr. ing. utdanning i samarbeid med NTNU. Universitetet i Bergen har samarbeidsavtale om forskarutdanning med alle høgskulane på sør- og vestlandet. Norges handelshøgskole samarbeider med Høgskulane i Stavanger og Bodø om siviløkonomutdanning. Universitetet i Oslo og Tromsø har likeså samarbeidsavtalar med fleire høgskular om høgare grads- og forskarutdanning.

Dei siste åra har internasjonalt samarbeid vorte eit satsingsområde, og høgskulane deltek med få unntak i fleire samarbeidsprosjekt. Generelt synest dette å vere samarbeid basert på deltaking i tidsavgrensa prosjekt, og vanlegvis er det snakk om deltaking i forskings- og utviklingsprosjekt initiert av internasjonale organisasjonar og samarbeidsorgan. Nokre få, som til dømes Høgskolen i Stavanger, samarbeider med utanlandske forskings- og utdanningsinstitusjonar om forskarutdanning.

## 2.5 Lover, økonomiske løyvingar og rammeplanar

Lov om universitet og høgskular samt ufullande reglar gir strukturelle rammer for høgskulesektoren. Lova set skrankar for verksemda i høgskulane samstundes som ho opnar for lokal autonomi og demokratiske styreformer. Høgskulane skal i korte trekk utføre forskning og andre faglege aktivitetar, resultatet av denne aktiviteten skal implementerast i undervisninga, og ein er tillagt eit formidlingsansvar ut over det som skjer gjennom undervisning.

Dei økonomiske løyvingane til høgskulesektoren er ein annan sentral faktor. FoU-utgiftene innan UoH-sektoren syner dei siste femten åra ein jamn vekst. I perioden 1993-95 stagnerte derimot veksten, og i denne perioden er det ikkje realvekst i FoU-utgiftene. Signal frå styresmaktene tyder på auka satsing på FoU, men då at dette skjer “ut i fra ansvars- og oppgavefordelingen innenfor rammene av Norgesnett og universitets- og høgskolelovens krav om forskningsbasert undervisning (St. prp. nr. 58 (1995-96):10)”<sup>3</sup>. Så lenge ein byggjer veksten inn i ordinære driftsbudsjett, er det indikasjonar på at FoU i mange tilfelle blir “budsjett-tapar”. Ved mange høgskular må ein prioritere undervisning framføre forskning og utviklingsarbeid. Ein forventar realauke frå styresmaktene si side kan slik bli snudd til ein realnedgang.

Ein del høgskuleutdanningar er regulert av nasjonale rammeplanar (jamfør §46 i universitets- og høgskulelova). Desse bestemmer med ulik detaljeringsgrad kva utdanningane skal femne om og innehalde. Blant anna blir helse- og sosialfaga og lærarutdanninga regulert av nasjonale rammeplanar. Dess meir konkrete og detaljerte rammeplanane er, dess mindre lokal fleksibilitet og tilpassingsevne vil det vere. Rammeplanar kan påverke FoU gjennom å leggje premissar for kva personalet skal gjere og gjennom til dels å seie kva som er relevante FoU-prosjekt. Ei viktig grunngeving og motivasjonsfaktor for forskning fell blant anna bort om resultat ikkje kan inkorporerast i eller er relevant for undervisninga.

## 2.6 Verkemiddel- og tiltaksapparat

Dei statlege høgskulane rår over ulike verkemiddel og tiltak for å styrke forskings- og utviklingsarbeidet. Frigjering av tid kan skje gjennom omlegging av undervisnings-rutiner, ved bruk av timelærarar og vikarar og individuelle arbeidsplanar med ulik fordeling av forskings- og undervisningsplikt. Utanom organisering av undervisninga, der til dømes større klassar (forelesingar) og fellesundervisning på tvers av fagskiljer og avdelingar reduserer undervisningsbehovet, føreset dei fleste tiltak økonomiske ressursar. Dei statlege høgskulane rår i slike tilfelle over fleire verkemiddel. Nedanfor gir vi ei summarisk oversikt over dei mest vanlege verkemidla nytta ved høgskulane. Desse er oppretta dels for å frigjere tid til forskning og

---

<sup>3</sup> Jamfør og St. meld. nr. 40 (1990/91), Innst. S. nr. 230 (1990/91) og Skodvin og Kyvik (1994:22).



utviklingsarbeid og dels for å styrkje formalkompetansen blant fagpersonalet<sup>4</sup>.

### **Vikarstipend**

Dette stipendet er regulert av sentrale forskrifter gitt av KUF, og eventuelt lokalt utfyllande reglar vedtatt ved høgskulane. Vikarstipend skal primært stimulere til forskning og utviklingsarbeid ved at personalet får frigjort tid med ordinær løn samstundes som at ein tilset vikar for å utføre ordinære undervisningsoppgåver i permisjonsperioden. Dei fleste høgskulane har spesifisert kriterium for tildeling av vikarstipend, medan nokre i det store og heile brukar desse ressursane for å auke kompetansen blant fagpersonalet. Det er vanleg med bindingstid og vikarstipend kan berre tildelast fagpersonar i fast stilling med 50 prosent storleik eller høgre. Vikarstipend skal normalt ikkje nyttast til kompetanseheving som kan finansierast av Statens lånekasse, og det vil seie at ein vanlegvis ikkje vil få slike for å gjennomføre hovudfagsstudium. Det er vanleg å krevje rapport om arbeidet som er utført i perioden ein har mottatt vikarstipend. Ofte skjer dette ved at ein utarbeider ein artikkel, rapport e.l. som vert publisert i høgskulane sine egne eller eksterne publikasjonar.

### **Doktorgradsstipend**

Dette stipendet kan ein tildele fagpersonar som held på med eller som skal starte opp med doktorgradsstudium. Som regel er det ein føresetnad for å motta stipend at ein er formelt tatt opp på eit godkjent doktorgradsprogram. Alle høgskulane tilbyr slike stipend sjølv om omfanget varierer. Eit minstekrav er som regel at doktorgrads-kandidaten er tilsett i fast stilling med minimum 50 prosent storleik. Doktorgradsstipend medfører bindingstid ved institusjonen. Midlane vert vanlegvis nytta til vikarkostnader, men kan og dekkje kostnader i samband med doktorgradsgjennomføring.

### **Reisestipend**

Dette stipendet skal motivere forskning og utviklingsarbeid ved å gi fagpersonar høve til å delta på fagkonferansar, etterutdanningsopplegg, opphald ved andre

---

<sup>4</sup> Også administrativt tilsette kan nytte godt av kompetanse- og etterutdanningsmidlar mv. Vi ser likevel bort frå desse i denne samanheng.

forskiings- og utdanningsinstitusjonar m.m. Reisestipendet skal primært dekkje reiseutgifter og deltakaravgifter. Alle høgskulane tilbyr slike stipend, men nokre stiller krav til at mottakarane må presentere eit opplegg for bruken av tildelte ressursar samt, i nokre tilfelle, at ein deltek med innlegg, foredrag eller fagleg arbeid på konferansen.

### **Stipendiatstillingar og II-stillingar**

Stipendiatstillingar og II-stillingar er og verkemiddel for å trekkje til seg kvalifisert fagpersonell og auke kompetansen ved høgskulane. Stipendiatstillingar trekkjer fagpersonar i doktorgradskvalifisering til høgskulane, og gjennom til dømes bindings-ordningar eller at personane vert knytt til institusjonen, kan ein halde på denne kompetansen vidare etter fullført kvalifisering. Ikkje alle høgskulane har oppretta stipendiatstillingar, medan andre har klare mål om at eit bestemt tal stillingar til ei kvar tid skal vere fyllt. Til dømes har Høgskolen i Buskerud oppretta 4 stipendiatstillingar som skal vere fyllte.

Kompetansestyrrking kan og skje ved å trekkje til seg høgt kvalifisert fagpersonale. Ein vanleg strategi er å opprette II-stillingar for personar med førstestillingskompetanse (professor, dosent, 1. amanuensis). Målet er ofte å knyte slike stillingar til knutepunkt ved høgskulen og å leggje rettleiingsoppgåver og prosjektansvar inn i slike stillingar.

Dei fleste høgskulane har ei eller fleire II-stillingar, men samstundes slit fleire med å få tilsett kvalifiserte personar i ledige II-stillingar (Remme, 1997).

### **Rekrutteringsordningar**

Yrkes- og profesjonsutdanningar har tradisjonelt vektlagt praktisk og pedagogisk erfaring frå feltet ein skal undervise i, medan meir disiplinorienterte utdanningar ofte har vektlagt formelle kvalifikasjonar. Dette reflekterer ulike tradisjonar for rekruttering og det har resultert i ulike kompetanseprofilar mellom utdanningsområda. Til dømes er over 60 prosent av fagpersonalet innan helsefaga høgskulelærarar.

Fleire høgskular ønskjer å bruke nyrekruttering for å auke den generelle kompetansen ved høgskulane. Moglegheitene for å lykkast synest derimot å

varierte. Mellom anna kan det vere enklare for høgskular i sentrale strøk og bestemte fagområde å få rekruttert kvalifisert personale utifrå geografisk sentralitet og tal på kvalifiserte kandidatar.

### **Plan- og strategiarbeid**

Dei fleste statlege høgskulane integrerer plan- og strategiarbeidet for forskning og utviklingsarbeid i det ordinære planarbeidet. Etter rundskriv F-95-96 skal budsjett-dokument ha eigne avsnitt om forskning og utviklingsarbeid, fagpersonalet og kompetansesituasjon og formidling. Det er også vanleg å gi FoU eigne kapittel i strategi- og plandokument. Elles har fleire høgskular utarbeida eigne dokument og planar som omhandlar FoU-verksemnda isolert.

Plan- og strategidokument legg føringar på verksemnda ved høgskulane, og vil gjennom det også påverke forskning og utviklingsarbeidet. Utanom pålagte referansar til FoU-relatert verksemd (jf. budsjettdokument), varierer det i kva grad ein integrerer FoU i dei ordinære plan- og strategidokumenta ved høgskulane.

## 3 Organisering av FoU-verksemnda ved dei statlege høgskulane

I dette kapittelet tek vi for oss dei enkelte høgskulane og skildrar organiseringa av FoU-verksemnda. Vi rettar merksemnda spesielt mot kvar ein plasserer ansvaret for denne aktiviteten, det vil seie stillingar og organ som har utgreiingsoppgåver, rådgivande funksjonar samt vedtaksmynde i saker om forskning og utviklingsarbeid. Vi ser og på kompetanseforhold og samarbeidsrelasjonar i samband med doktorgradskvalifisering og FoU-prosjekt.

### 3.1 Dei enkelte høgskulane

#### Høgskolen i Agder (HiA)

Prorektor er tillagt det løpande faglege ansvaret for forskings- og utviklingsverksemnda ved Høgskolen i Agder. På den administrative sida er det tilsett ein studie- og forskingssekretær i 50 prosent stilling. Prorektor er leiar av Forskningsutvalget. Utvalet er i utgangspunktet rådgivande i saker som omhandlar FoU, men er delegert fullmakt til å tildele vikarstipend og reisestøtte, utføre noko saksbehandling og kan fatte bindande vedtak. Det er representativt samansett med medlemmar frå alle avdelingane (9) i tillegg til 2 observatørar. Ei avdeling har oppretta eige FoU-utval, og ved høgskulen har ein langt på veg plassert ansvaret for FoU-verksemnda til avdelingane. Mellom anna har avdelingane primæransvaret for kompetanseutvikling, prosjekt og seminarverksemd samt samarbeidsavtalar inkludert avsett tid til forskning. Høgskulen understrekar at:

*“Det er ikke lagt sentrale føringer for hvor stor del av arbeidstiden som skal settes av til forskning. Enkelte avdelinger tildeler FoU-ressurs etter søknad, ved en avdeling er alle forpliktet til å søke. Prioriteten kan ligge på formell kompetanseheving og/eller faglige resultater og produksjon. Noen avdelinger tildeler en basistidsressurs til faglig fornyelse uten å kreve dokumentasjon i tillegg til å avsette tidsressurs til dokumenterbar forskning”.*

Ein satsar på kompetanseutvikling ved HiA, og gir prioritet til tiltak som gir formell kompetanseheving ved tildeling av vikar- og reisestipend. I oktober

1997 hald 58 tilsette på med doktorgradskvalifisering, av desse var 42 knytta til doktorgradsprogram i Norge og 7 knytta til doktorgradsprogram i utlandet. Oppdragsforskning skal skje i samsvar med bestemte reglar, men er elles eit personleg og avdelingsknytt ansvar. Høgskolen i Agder har individuelle samarbeidsavtalar med fleire innanlandske og utanlandske institusjonar om doktorgradsutdanning. Dei vanlegaste er UiB og UiO, men ein kan også nemne NIH, NTNU, NHH, Danmarks pedagogiske høyskole, KpK, Aalborg Universitetet og University of Sterling (Skottland).

### **Høgskolen i Akershus (HiAk)**

Ved Høgskolen i Akershus har ein oppretta ei halv stilling som forskingskoordinator. Denne skal i samarbeid med dekanane og under leiing av rektor koordinere og vere rådgivar i saker som omhandlar FoU. Forskingskoordinatoren har, i tillegg til fagleg ansvar i FoU-saker, som sitt ansvar å rettleie i spørsmål om forskning og utviklingsarbeid. Forskingskompetanse er dermed ein føresetnad for å kunne inneha stillinga. Det er oppretta eit sentralt FoU-utval med rektor som leiar og dekanane som medlemmar. Eventuelle FoU-leiarar ved avdelingane kan erstatte dekanane i utvalet. Vidare er det oppretta avdelingsvise FoU-utval. Mykje av ansvaret for FoU-verksemnda er desentralisert til avdelingane, noko som dels vert forklart med spreidd lokalisering av einingane ved høgskulen.

16 tilsette held på med doktorgradsarbeid. 11 er knytta til doktorgradsprogram i Norge, medan 1 er knytta til doktorgradsprogram i utlandet. Ved HiAk har ein vald å prioritere kompetanseheving samt forskning innan avgrensa område. Ein samarbeider med UiO om doktorgrads- og hovudfagsutdanning. Utover dette samarbeider ein spesielt med Høgskolen i Oslo. Fleire av dei tilsette tek hovudfag ved eigen institusjon.

### **Høgskolen i Bergen (HiB)**

Rektor har det løpande ansvaret i saker som omhandlar forskning og utviklingsarbeid. Ein har oppretta ei stilling som FoU-leiar innafor studiekontoret i sentral-administrasjonen. FoU-leiar er leiar for sentralt FoU-utval. I det sentrale FoU-utvalet sit i tillegg til FoU-leiaren studiedirektøren og to representantar for kvar av dei tre avdelingane. Det sentrale FoU-utvalet skal planlegge og rådgi i saker om FoU i tillegg til at

det utfører noko sakshandsaming og har innstillingsrett. Dekanane har ansvaret for FoU-arbeidet ved avdelingane, og kvar avdeling kan skilte med lokalt FoU-utval. Også ved Høgskolen i Bergen er store delar av ansvaret for FoU-verksemnda delegert til avdelingsnivå, og dei ulike avdelingane har forskjellige strategiar i dette arbeidet. Formell kompetanseheving viser seg likevel som eit spesielt satsingsområde for dei fleste.

24 tilsette er formelt tatt opp på doktorgradsprogram. Ein samarbeider med UiB om doktorgradskvalifisering samstundes som fleire tilsette tek hovudfag ved dette universitetet. Høgskolen i Bergen har eit nært og utstrakt samarbeid med Vestlandsforskning Bergen og Christian Michelsen Research i tillegg til formell samarbeidsavtale med dei andre høgskulane på Sør- og Vestlandet.

#### **Høgskolen i Bodø (HBO)**

Ved Høgskolen i Bodø er rektor tillagt det løpande ansvaret for FoU-verksemnda. Det er oppretta eit sentralt rådgivande forskingsutval der rektor er leiar. Utvalet har i tillegg 6 medlemmar, ein sekretær samt observatør frå Nordlandsforskning. Det er krav om at alle avdelingane ved høgskulen samt stipendiatane skal vere representert. Utvalet konsentrerer seg om avdelingsovergrepande tiltak samt tiltak som tilretteleggjer, oppmuntrar og synleggjer forskning og utviklingsarbeid ved HBO. Forskingsutvalet er eit rådgjevande organ for høgskulestyret i saker om forskning, forskarrekuttering og forskarutdanning. Ein finn avdelingsvise FoU-utval.

Forskning er ein viktig del av verksemnda ved Høgskolen i Bodø, og ein prioriterer å synleggjere innsatsen som dei vitenskaplege tilsette har gjort på dette området. Ved sidan av å støtte opp om forskning ønskjer høgskulen å fokusere på forskarutdanning og kompetanseheving. Våren 1997 disputerte 5 tilsette ved høgskulen for doktorgraden, og for tida held 36 tilsette på med doktorgradskvalifisering. Ei anna prioritert oppgåve er samarbeid med nasjonale og utanlandske forskingsinstitusjonar. Høgskolen i Bodø er lokalisert saman og samarbeider nært med Nordlandsforskning. Elles er Universitetet i Tromsø ein ofte nytta samarbeidspartnar. Mellom anna er nokre av doktorgrads-kandidatane knytta til UiTØ.

#### **Høgskolen i Buskerud (HiBu)**

Trass eit sentralt utval for FoU og internasjonale aktivitetar, er mykje av

det løpande ansvaret for forskning og utviklingsarbeid lagt til avdelingane. Utvalet for FoU og internasjonale aktivitetar har primært planleggjande og rådgivande funksjonar, men kan få delegert avgjerdsmynde i enkelte saker. Utvalet har sju medlemmar og alle avdelingar skal vere representert. Rektor og studiesjef er tillagt FoU-ansvar sentralt ved høgskulen, medan dekanane er ansvarlege på avdelingsnivå.

Frå HiBu understrekar ein at ingen har rett til FoU, men at alle fagleg tilsette får høve til å bruke inntil 10 prosent av arbeidstida på slik aktivitet. Tidsressursar utover 10 prosent blir fordelt etter søknad på den enkelte avdeling og nedfelt i arbeidsplanar. I den samanheng vektlegg ein faglege resultat og produksjon. Også kompetanse-utvikling blir via merksemd, og ein har oppretta fire stipendiatstillingar. Elles ønskjer ein auka aktivitet knytta til internasjonalt samarbeid. Nasjonalt samarbeider ein først og fremst med UiO.

### **Høgskolen i Finnmark (HiF)**

Høgskolen i Finnmark har oppretta ei administrativ stilling som FoU-koordinator, men rektor har det formelle ansvaret for FoU-verksemda. Undervisnings- og forskings-utvalet, med rektor som leiar, representantar for avdelingane og FoU-koordinatoren som sekretær, er rådgivande i saker som omhandlar forskning og utviklingsarbeid. Utvalet har fått delegert noko mynde til å fordele økonomiske ressursar og kan i visse saker fatte bindande vedtak.

I tillegg til eksternfinansierte stipendiatar og øvrige doktorgradsstuderande, har ein ved Høgskolen i Finnmark som mål at 3-4 tilsette til ei kvar tid har internfinansierte doktorgradsstipend. Per oktober 1997 held 32 tilsette ved HiF på med doktorgradsutdanning. Vidare opparbeider fagleg tilsette i 100 prosent stilling 2 månader FoU-tid per arbeidsår. Denne tida kan ein ta ut når ein har spart opp minimum 6 månader. Generelt leggjer ein hovudvekt på faglege resultat og produksjon når ein fordeler tid til FoU, men også tilrettelegging av formell kompetanseheving blir tilgodesett. Høgskolen i Finnmark samarbeider spesielt med Universitetet i Tromsø, men nokre av dei tilsette er knytta til doktorgradsprogram ved Universitetet i Oslo.

### **Høgskolen i Gjøvik (HiG)**

Prorektor har det løpande ansvaret for forskings- og utviklingsarbeidet ved Høgskolen i Gjøvik. I desse dagar arbeider ein med å få oppretta eit sentralt FoU-utval. Ei mogleg løysing er å leggje dette utvalet inn under eit sentralt utval for fagstrategi. Utvalet er tiltenkt ei rolle med løyvande mynde i saker som omhandlar FoU.

Medio oktober 1997 held 7 personar knytta til høgskulen på med doktorgrads-kvalifisering. Ein av desse arbeider mot lisensiatgrad i Sverige. 2 av doktorgrads-kandiatane har formell rettleiing ved HiG, medan resten blir rettleia av personar utanfor høgskulen. Ein samarbeider spesielt med Universitetet i Oslo når det gjeld doktorgradsutdanning.

Ved Høgskolen i Gjøvik opplever ein at FoU-verksemnda er for lita, og ønskjer i tida framover å jobbe med tiltak som stimulerer til auka FoU-verksemnd. Som ledd i auka FoU-aktivitet har ein og som mål å stimulere tilsette til å ta doktorgrad, og at fleire etterkvart blir rettleia av tilsette ved høgskulen. Det er eit prioritert mål for FoU-aktiviteten at han skal føre til publikasjonar og konferansebidrag, noko som og vert vektlagd i fordelinga av tid til forskning og utviklingsarbeid.

### **Høgskolen i Harstad (HiH)**

Ved Høgskolen i Harstad har prorektor det faglege ansvaret for FoU-verksemnda, medan kurs- og forskingskonsulenten er administrativt ansvarleg. Prorektor er leiar av FoU-rådet, medan kurs- og forskingskonsulenten er sekretær. To tilsette ved kvar av dei to avdelingane vert oppnemnt som medlemmar. Rådet har planstrategiske og rådgivande funksjonar i tillegg til at det utfører noko sakshandsaming og avgir innstilling i saker som omhandlar FoU. Ein brukar og prosjektgrupper i ein del samanhengar. Når ein fordeler FoU-ressursar, legg ein spesiell vekt på faglege resultat og produksjon. Det skjer ei viss differansiering av tid og ressursar til FoU.

Medio november 1997 held 6 tilsette ved Høgskolen i Harstad på med doktorgradsutdanning. Alle er knytta til eit doktorgradsprogram. Ein samarbeider spesielt med Universitetet i Tromsø om doktorgradsutdanning.

### **Høgskolen i Hedmark (HiHM)**



Prorektor er ansvarleg for FoU-verksemnda og har møte- og talerett i det sentrale FoU-utvalet. Utvalet, som er sett saman av personar frå alle avdelingane samt studentar, fordeler stipend til fagleg tilsette og skal gi råd og stimulere forskning og utviklings-arbeid ved høgskulen. Det er og i gong ein seminar- og foredragsserie med til saman 32 titlar spreidd over studieåret. I 1997 er det sett av ressursar til stillingar som FoU-rettleiarar ved Avdeling for lærerutdanning og Avdeling for sjukepleierutdanning. Ved dei andre avdelingane er det sett av midlar til II-stillingar.

Tidsnorma for FoU-verksemd ved profesjonsutdanningane er sett til 30 prosent, medan dei andre avdelingane skal nytte 40 prosent av arbeidstida til FoU. Det er eit mål å auke tida til FoU-verksemd ved dei profesjonsutdanningane der desse måla ikkje er nådd. I utgangspunktet skal det vere lik fordeling av tid til FoU. Tidsressursar ut over dette blir gitt gjennom stipend til formell kompetanseheving og særleg interessante prosjekt.

Ein har oppretta stipend med inntil 3 årsverk til doktorgradsgjennomføring, og ein har mål om at fem tilsette i ulike fasar av doktorgradskvalifisering til ei kvar tid skal motta stipend. Alle dei fem avdelingane har tilsette knytta til formelle doktorgradsprogram, og hausten 1997 held 11 fast tilsette på med doktorgradsutdanning.

### **Høgskolen i Lillehammer (HiL)**

Ved Høgskolen i Lillehammer er rektor øverste faglege ansvarlege og dermed også ansvarleg for den løpande FoU-verksemda. Forskingsutvalet har fått delegert mange av desse oppgåvene, og utvalet har innstillingsrett i saker som omhandlar forskning og utviklingsarbeid i tillegg til at det i enkelte saker får delegert avgjerdsmynde. Avdelingane peikar kvar ut ein medlem til utvalet, og studentane har to representantar. Rektor oppnemnar leiar for utvalet. Denne får frigjort 30 prosent av fagstillinga si til arbeid som utvalsleiar.

Ein har sett av 8 vikarstipend årleg til kompetanseheving utover høgskulelektor- og amanuensisnivå. Per oktober 1997 arbeider 16 tilsette og 5 stipendiatar mot doktorgradskvalifisering. 19 av desse er knytta opp mot formaliserte doktorgrads-program. Når det gjeld doktorgradsutdanning har HiL

samarbeidsavtalar med UiO og NTNU. Det er etablert ei eiga stilling som doktorgradskoordinator for HiL, HiHM, HiG og Østlandsforskning med sete ved Høgskolen i Lillehammer.

HiL uttalar klare mål om å vektlegge forskingserfaring ved nyttilsettingar. Ein har formelle samarbeidsavtalar med Universitetet i Oslo og Østlandsforskning. Ein er også samlokalisert med sistnemnte. Elles arbeider ein med å opprette samarbeidsavtalar med dei andre høgskulane på indre Austlandet.

### **Høgskolen i Molde (HSM)**

Rektor er fagleg ansvarleg og høgskoledirektøren er administrativt ansvarleg for FoU-verksemnda ved Høgskolen i Molde. Det er likevel snakk om ein nokså desentralisert modell. Det er ikkje oppretta sentrale utval med ansvar for FoU, og store delar av aktiviteten vert initiert og styrt av fagpersonane sjølve. Tidsnorma er sett etter mal frå universiteta med 40 prosent FoU, 40 prosent undervisning og 20 prosent administrasjon. Innan helsefaga er det noko mindre interesse for forskning og utviklings-arbeid, så ved Avdeling for sjukepleie er tidsnorma 10 prosent FoU, 70 prosent undervisning og 20 prosent administrasjon. Fagleg tilsette i forskar-, amanuensis-, førsteamanuensis-, dosent- og professorstillingar skal i prinsippet bli tildelt dei same ressursane til FoU, medan høgskulelærarar og høgskulelektorar har ei anna fordeling.

Ein har uttalt mål om å styrkje kompetansen ved høgskulen, og medio november 1997

held 10 fagleg tilsette og 4 stipendiatar på med doktorgradsutdanning ved høgskulen. Desse er opptekne på doktorgradsprogram UiB, NTNU, NHH og University of Pittsburgh. HSM oppfordrar alle vitskapelege tilsette om å heve fagkompetansen sin, og høgskulen følgjer opp med stimuleringsordningar som løna permisjon, reisemidlar, vikarstipend, lønsopprykk etter fullført doktorgrad og eigne såkalla stimulerings-midlar. Det vert lagt vekt på å tilsette personar med doktorgrad ved rekruttering av nye medarbeidarar.

Høgskolen i Molde er samlokalisert og samarbeider tett med Møreforskning avd. Molde (MFM). Mellom anna vert MFM oppfatta som eit tenleg instrument for organisering og gjennomføring av eksternt finansierte prosjekt. Fleire tilsette

ved HSM arbeider i større eller mindre stillingar ved MFM. Høgskolen i Molde har elles ein formell samarbeidsavtale med høgskulane på Sør- og Vestlandet.

### **Høgskolen i Narvik (HiN)**

Prorektor er tillagt fagleg ansvar for FoU-verksemnda, medan kontorsjefane ved avdelingane er administrativt ansvarlege. Prorektor er leiar for FoU-rådet som er eit rådgivande organ i saker som gjeld forskning, forskarutdanning og forskarrekruttering. FoU-rådet har i tillegg til rektor fem medlemmar; fire skal vere fagleg tilsette med forskingskompetanse samstundes som kvar profesjonsutdanning skal vere representert, medan siste skal utpeikast blant doktorgradsstipendiatane. Tildeling av tid og ressursar til FoU er differansiert etter stillingsnivå, samt at ein tek omsyn til kompetanseheving og ansiennitet. På professor og førstestillingsnivå er målet 50 prosent til FoU og 50 prosent til undervisning, medan ein på lavare stillingsnivå har 25 prosent til FoU og 75 prosent undervisning som mål.

Ultimo november 1997 er det 12 dr.ing. stipendiatar ved Høgskolen i Narvik inklusive 2 som jobbar på NORUT Teknologi A/S i Narvik. Vidare er 4 tilsette knytta til andre doktorgradsprogram slik at det totalt er 16 personar ved høgskulen som held på med doktorgradsutdanning. I løpet av siste året har det vore 4 disputasar ved HiN. Høgskulen ønskjer fleire stipendiatstillingar, dels på grunn av vanskar med å rekruttere kvalifisert personell, og har søkt om stillingsheimlar til dette. Høgskolen i Narvik samarbeider med UiTø, NTNU og NORUT Teknologi AS når det gjeld doktorgrads-utdanning. Ein har og noko prosjektsamarbeid, og det vert arbeidd for å samlokalisere høgskulen og NORUT Teknologi AS.

### **Høgskolen i Nesna (HiNe)**

Rektor er formelt ansvarleg for FoU-verksemnda. Det er oppretta eit FoU-utval med rektor som leiar og avdelingsleiarane som medlemmar. Utvalet har avgjerdsmynde i saker som omhandlar FoU-verksemnda. Elles er det tilsett to FoU-rettleiarar i 50 prosent stilling kvar, og der begge har førstestillingskompetanse. Desse er rådgivande ovanfor FoU-utvalet, men har ikkje røysterett. Ein set av inntil 30 prosent av samla årsverk blant fagleg tilsette ved høgskulane til forskning og utviklingsarbeid, og tid og ressursar vert tildelt på bakgrunn av søknadar der ein vektlegg fagrelevans, formidling og kompetanseheving.

Hausten 1997 var 6 fagleg tilsette knytta til eit formelt doktorgradsprogram finansiert av høgskulen. I tillegg arbeider 4 fast tilsette med doktorgrad utan finansiering frå HiNe. Fire midlertidig tilsette arbeider også med doktorgrad. I samband med doktorgradsutdanning har HiNe formelt samarbeid med NTNU, UiO, UiB og Arkitektshøgskolen i Oslo.

### **Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT)**

Prorektor har det løpande ansvaret for FoU-verksemnda ved Høgskolen i Nord-Trøndelag. I handlingsplanen for FoU-verksemnda ved HiNT i perioden 1996-1999 skisserer ein ei FoU-organisering med utgangspunkt i eit felles og sentralt FoU-utval der prorektor er leiar. Dei seks avdelingane ved høgskulen har oppretta eigne FoU-utval med valde leiarar. Desse leiarane går inn som medlemmar i det sentrale FoU-utvalet.

Ved Høgskolen i Nord-Trøndelag forventar ein å måtte prioritere FoU-ressursar til formell kompetanseheving i lang tid framover. Medan fordelinga av tidsressurs til FoU varierer mellom avdelingane, vil ein for HiNT samla rette ressursane og økonomiske tilskot mot tiltak knytta til formell kompetanseheving.

Fleire fagleg tilsette er formelt tatt opp på doktorgradsprogram. Per oktober 1997 arbeider 15 tilsette med doktorgrad. Det er inngått avtalar med NTNU og Handelshøyskolen i København (HHK) om doktorgradsutdanning samstundes som retningslinjer for doktorgradskandidatar er under utarbeiding. Via etableringa av Midt-norsk nettverk har HiNT eit formalisert samarbeid med NTNU, Nord-Trøndelags-forskning (NTF) og Høgskolen i Sør-Trøndelag. Så langt er samarbeidet konsentrert om grunn-, vidare- og forskarutdanning. HiNT har NTF som hovudsamarbeidspartnar når det gjeld tilrettelegging og utføring av forskning og utviklingsarbeid. Mellom anna ser ein eit potensiale i NTF sitt administrative støtteapparat omkring FoU-verksemnda.

### **Høgskolen i Oslo (HiO)**

Det faglege ansvaret for FoU-verksemnda ved Høgskolen i Oslo er lagt til rektor. Samstundes er det i høgskuledirektøren sin stab oppretta to stillingar med ansvarsoppgåver innan FoU-feltet; FoU-direktør og FoU-rådgjevar. Dette er

administrative stillingar med spesielt ansvar for tilrettelegging, koordinering og planlegging av FoU-verksemnda. Ved fire avdelingar (ØKS, IH, SU og LU) er det oppretta stillingar som FoU-leiarar, og innan utgangen av 1997 er desse planlagt å gjerast om til fulltidsstillingar. Vidare er det sett ned eit FoU-stipendutval med medlemmar frå kvar avdeling i tillegg til prorektor som leiar. Stipendutvalet har avgjerdsmynde i ein del saker. Det er oppretta eit sentralt FoU-utval med FoU-direktøren som leiar og der alle avdelingane er representert. Dette utvalet har planlegging og rådgiving i FoU-saker som si hovudoppgåve. Ein finn og avdelingsvise FoU-utval.

Det er nedfelt mål om at 25 prosent av årsverka ved høgskulane skal nyttast til FoU-aktivitet, men praksisen varierer noko mellom avdelingane. HiOs strategi og mål når det gjelder fordeling av FoU-ressursar er ikkje ei flat fordeling, men dei store avdelingane synest å praktisere det. I framtida er det eit mål at kvalitet og relevans vert styrande for fordeling av FoU-ressursar.

Ein har vald å tilgodesjå doktorgradsstipendiatar, og medio november 1997 arbeider 46 personar ved HiO med doktorgrad. Av desse er 35 fast tilsette i ordinære stillingar, 8 er fast tilsette i stipendiatstillingar og 3 er stipendiatar utan fast tilsetjing. Når det gjeld doktorgradsutdanning samarbeidar Høgskolen i Oslo med UiO.

### **Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF)**

Ved høgskulen i Sogn og Fjordane har ein lagt FoU-ansvaret til ein FoU-leiar. Dette er ei administrativ stilling med krav om forskingskompetanse og forventningar om at FoU-leiaren driv sjølvstendig forskning. Elles har ein FoU-rettleiarar ved avdelingane. Totalt utgjer desse stillingane 2 årsverk ved høgskulen. Det er oppretta eit Kontaktutval for FoU-rettleiarar der FoU-leiaren, FoU-rettleiarane samt ein representant for Vestlandsforskning er medlemmar. Utvalet er rådgivande, men kan fatte vedtak i saker som ligg innan mynda til stillingsinnehavarane. Det er likevel ikkje eit FoU-utval i vanleg tyding. Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane differansierer ein tid og ressursar til FoU etter stillingskategori. Dess høgare fagleg stilling, dess meir tid og ressursar får ein til FoU. Høgskulelektorar får sett av 15 prosent av arbeidstida til FoU, tilsette med førstestillingskompetanse får 25 prosent medan professorar/dosentar har avsett 35 prosent av arbeidstida til FoU-aktivitet. Vidare er det sett av relativt store midlar til formell kompetanseheving. Først og fremst doktorgrad, men og noko til hovudfag.

Medio 1997 var det ved Høgskulen i Sogn og Fjordane ein doktorgradsstipendiat i tillegg til at 10 fagleg tilsette var formelt tatt opp på doktorgradsstudium. To av desse i stipendiatstillingar ved andre institusjonar. HSF samarbeider med UiB om doktorgrads- og hovudfagsutdanning. Dette samarbeidet er opplevd som spesielt viktig i forhold til det å kome i gang med doktorgradsutdanning, til dømes gjennomføring av obligatoriske kurs, utforming av søknader om opptak mv. Når det kjem til sjølve opptaket, står kandidatane relativt fritt og vender

seg som regel til institusjonar og forskingsmiljø ein kjenner til. Av dei 11 tilsette ved HSF som arbeider med doktorgrad, er fire knytta til Universitetet i Bergen.

Ein har og eit nært og formalisert samarbeid med Vestlandsforskning (VF). Mellom anna er det utarbeidd ein felles handlingsplan for åra 1997-98. Trass dette opplever ein at det er for få fellesprosjekt mellom HSD og VF, noko som dels kan forklarast med ulike fagfelt ved desse institusjonane. Begge institusjonane uttrykkjer derimot ønskje om sterkare grad av samarbeid, og ein førebur i desse tider felles søknader til nokre program innan Norges forskningsråd.

### **Høgskolen i Stavanger (HiS)**

Rektor er formelt ansvarleg for FoU-verksemnda ved Høgskolen i Stavanger. Det er vidare oppretta ei stilling som FoU-leiar i staben til høgskuledirektøren. Denne er tillagt ansvaret for koordinering og planlegging av FoU-verksemnda i tillegg til å ha ein rådgivande funksjon ovanfor leiinga ved høgskulen. Det er oppretta eit sentralt FoU-utval. Dette har fått rådgivande og sakshandsamande funksjonar i saker vedrørande forskning og utviklingsarbeid. Rektor eller prorektor skal vere leiar for utvalet, medan FoU-leiaren er sekretær. Alle avdelingane og sentra skal vere representert. Elles har fem avdelingar oppretta eigne FoU-utval.

Fordeling av tid og ressursar til FoU skjer på bakgrunn av søknad og ved dei enkelte avdelingane ved høgskulen. Ved dei avdelingane som gjennomfører ei aktiv fordeling av tid til FoU, blir som regel arbeid mot formell kompetanseheving gitt høg prioritet. Dette kan og sjåast i samanheng med kriteria for tildeling av vikarstipend og strategi-midlar.

Medio februar 1997 hadde 27 stipendiatar hovudarbeidsplass ved Høgskolen i Stavanger, medan 16 fagtilsette var formelt opptatt på doktorgradsprogram. For 1997 har ein også øyremerkta midlar over interne budsjett til to nye stipendiatstillingar. Desse skulle lysast ut hausten 1997. Høgskolen i Stavanger har formelt samarbeid med ei lang rekkje institusjonar når det gjeld forskarutdanning. Blant anna kan ein nemne NTNU, UiB, Rogalandsforskning, Aalborg Universitet, Robert Gordon University (Skottland) samt fleire universitet i USA. Sidan 1989 har HiS organisert mesteparten av forskarutdanninga i samarbeid med Rogalandsforskning gjennom det såkalte "Forskerakademiet HSRF". Formålet med denne organiseringa er å ordne det slik at flest moglege kan gjennomføre forskarutdanninga ved desse institusjonane, sikre kompetanseutvikling for eigne tilsette og tilretteleggje for god og rask



gjennomføring av utdanningsløpa. Det formaliserte samarbeidet om forskarutdanning er for tida under utviding mot nye fagområde og mot nye regionale samarbeidspartnarar. Blant anna kan ein nemne Misjonshøgskolen, Arkeologisk museum og Sentralsykehuset i Stavanger.

### **Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)**

Rektor har det faglege ansvaret for FoU-verksemnda ved høgskulen. Det er oppretta eit sentralt FoU-utval. Utvalet har som oppgåve å arbeide med styrking og vidareutvikling av FoU-verksemnda ved HSH. I tillegg til å vere eit rådgivande organ for styret i enkelt-saker, omfemnar utvalet sitt arbeidsområde arbeid som gjeld organisering og tilrette-legging av forskning og utvikling ved HSH, samt profilering av FoU-aktiviteten internt og eksternt. Utvalet utarbeider årlege handlingsplanar og årsmelding som skal leggjast fram for styret. FoU-utvalet skal ha åtte medlemmar, og kvar avdeling skal vere representert. Utvalet skal ha to eksterne medlemmar. Styret oppnemner medlemmane. Dei interne etter forslag frå avdelingane, og dei eksterne etter forslag frå rektor. Leiaren i utvalet blir vald blant avdelingsrepresentantane.

Avdelingane er delegert stor mynde når det gjeld fordeling av tid til forskning og utviklingsarbeid. I prinsippet skal alle fagleg tilsette tildelast dei same ressursane, men delar av dei totale FoU-ressursane vert øyremerkt og tildelt FoU-verksemnd knytta mot nasjonale knutepunktfunksjonar og fagprofil.

Medio oktober 1997 arbeider 18 fast tilsette ved HSH med doktorgrad. Alle er knytta til eit doktorgradsprogram. Når det gjeld doktorgradsutdanning har Høgskolen Stord/Haugesund samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen, NTNU, Danmark lærarhøgskule og University of Bath.

### **Høgskolen i Sør-Trøndelag (HiST)**

Rektor har det overordna ansvaret for den løpande drifta av FoU-verksemnda ved høgskulen. Det er oppretta stilling som FoU-leiar ved ei avdeling, medan studie-direktøren har det administrative ansvaret sentralt for FoU-verksemnda. Våren 1997 vart det sett ned eit FoU-utval der rektor er leiar. I tillegg har det fem medlemmar som representerer alle avdelingane ved høgskulen. Utvalet har planleggjande og rådgivande funksjonar. Elles er det oppretta ei arbeidsgruppe for studiar, forskning og fagleg utvikling. Fordeling av tid og

ressursar skjer på bakgrunn av søknad og gitte kriterium. Så langt har ein prioritert faglege resultat og produksjon når ein tildeler tidsressursar til FoU, men det er ikkje foretatt noko prinsipiell avklaring av dette ved høgskulen.

Medio november 1997 arbeider 18 personar med doktorgrad ved Høgskolen i Sør-Trøndelag. 13 av desse er fast tilsette i ordinære stillingar, fem er fast tilsette i stipendiatstillingar, medan to personar er inne i doktorgradsløp utan finansiering frå HiST. Alle utanom ein har hovudarbeidsplatsen sin ved HiST. HiST samarbeider med NTNU, UiB og Norges handelshøyskole (NHH) om doktorgradsutdanning av fast fagleg tilsette.

### **Høgskolen i Telemark (HiT)**

Ved Høgskolen i Telemark er det faglege FoU-ansvaret fordelt på rektor og dekanane. Studiedirektøren og FoU-leiaren har det administrative ansvaret for denne verksemnda. FoU-leiaren har studiedirektøren som sin direkte overordna. I den daglege drift er Studieseksjonen ved høgskulen ansvarleg for administrative forhold knytta til FoU-verksemnda. Det er oppretta eit tverrfagleg FoU-utval. Primæroppgåvene er knytta til planlegging og rådgiving i saker som omhandlar FoU. Utvalet har og innstillingsrett og kan fatte bindande vedtak i enkelte saker som t.d. tildeling av reisestøtte og publikasjonsstøtte. FoU-utvalet skal ha sju medlemmar; fem oppnemnt av styret og der alle avdelingane skal vere representert, medan to blir oppnemnt av student-organisasjonane. Stipendiat-gruppa og tenestemannsorganisasjonen kan stille med observatørar. FoU-leiar er sekretær for utvalet, medan studiedirektøren har møte- og talerett.

Tildeling av FoU-tidsressursar varierer frå avdeling til avdeling, dels avhengig av tidlegare tradisjonar. Nokre avdelingar fordeler tid til FoU jamnt utover, medan andre knyt FoU-tidsressursar til stillingskategoriar. Andre igjen samlar FoU-ressursane i ein fellespott der ein kan søkje om tid på bakgrunn av prosjektsøknader. FoU-utvalet ved HiT tildeler stipendpermisjonar for å drive FoU-verksemnd eller kompetanseheving over hovudfagsnivå. Tildeling skjer etter søknad. FoU-utvalet foreslår ei innstilling til sekretæren i utvalet som gir den endelege innstillinga til styret. I rekrutterings-samanheng ønskjer ein å prioritere søkjarar med forskingskompetanse, samstundes som ein via betre utnytting av arbeidsplanar prøver å stimulere til auka FoU-aktivitet ved høgskulen.

Per september 1997 arbeidde 37 personar knytta til HiT med doktorgrad. Av desse er 21 fast tilsette ved høgskulen, medan 16 er dr.ing. stipendiatar utan fast tilsetting. Seks av stipendiatane har hovudarbeidsplassen sin ved HiT, medan resten også får hovudrettleiinga si ved høgskulen. Høgskolen i Telemark har formelt samarbeid med Telemarksforsking Bø, Telemarksforsking Notodden og Tel-Tek. Tolv av dr.ing. stipendiatane ein har knytta til seg arbeider ved Tel-Tek. HiT har samarbeidsavtale med NTNU på institusjonsnivå om doktorgradsutdanning og samarbeider med UiO, UiB, BI, NIH, AHO og fleire utanlandske universitet om doktorgradsutdanning på individnivå.

### **Høgskolen i Tromsø (HiTø)**

Prorektor har det løpande ansvar for FoU-verksemnda ved Høgskolen i Tromsø. Elles har ein hatt FoU-leiar tilsett ved Avdeling for lærerutdanning. Våren 1997 oppretta ein eit sentralt FoU-utval. Samansettinga er slik at prorektor er leiar for utvalet, alle avdelingar samt studentane er representert, medan fellesadministrasjonen utfører sekretæroppgåver. Studiesjefen er sekretær for utvalet. Ressursar til FoU skal i utgangspunktet fordelast slik at alle fagleg tilsette i prinsippet blir tildelt dei same ressursane, men det skjer ei viss "skeivfordeling" ved nokre avdelingar der fordeling skjer på bakgrunn av søknad og bestemte kriterium.

Ultimo oktober 1997 er sju fagleg tilsette formelt tatt opp på doktorgradsprogram samt at ein har knytta til seg 2 doktorgradsstipendiatar med ekstern finansiering. Ein samarbeider hovudsakeleg med Universitetet i Tromsø om forskarutdanning.

### **Høgskolen i Vestfold (HVE)**

Forskings- og utviklingsarbeid er rekna som ein ordinær del av verksemnda ved Høgskolen i Vestfold med rektor og høgskuledirektør som fagleg og administrativ ansvarlege. Det er oppretta eit sentralt FoU-utval med representantar frå kvar av dei fem avdelingane ved høgskulen. FoU-utvalet har i hovudsak innstillande og rådgivande funksjonar, og utvalsmedlemmane har varierende FoU-rettleiings- og tilretteleggingsoppgåver på eiga avdeling samstundes som dei er bindeledd mellom fellesadministrasjonen og avdelingane. I høgskuledirektøren sin stab er det oppretta ei stilling som FoU-direktør (60 prosent) med spesielt ansvar

for tilrettelegging, koordinering og planlegging av FoU-verksemnda.

I gjennomsnitt nyttar ein ca 15 prosent av undervisningspersonalet si samla arbeidstid til FoU-arbeid, medan målsettinga er minimum 25 prosent. 12 fagleg tilsette i ordinære stillingar er per oktober 1997 opptatt på doktorgradsprogram eller har avtale om fagleg rettleiing for doktorgradsarbeid ved universitet i inn- og utland. I tillegg til dei som er tatt opp på doktorgradsprogram, arbeider 18 høgskulelektorar/førsteamanuensar med sikte på doktorgrad. Desse arbeider i stor grad sjølvstendig og som regel med sikte på dr.philos grada. I dei fleste tilfella har dei sjølve og på eige initiativ ordna seg med rettleiarar ved UiO og UiB. HVE har formelle avtalar om doktorgradsutdanning med UiO, UiB, Idrettshøgskulen i Köln og University of Wales. Desse avtalane går stort sett ut på at HVE tek på seg diverse oppgåver slik at den aktuelle kandidat får høve til å gjennomføre doktorgradsprogrammet han/ho blir tatt opp på.

Ein prioriterer formell kompetanseheving i samband med fordeling av ressursar til FoU. Årleg set ein av rundt 1 mill kroner til doktorgradsstipend og stipend for kvalifisering til førstelektor/førsteamanuensis. Avdelingane set av FoU-tid til prioriterte prosjekt via arbeidsplanane.

### **Høgskulen i Volda (HVO)**

Rektor er ansvarleg for den løpande FoU-verksemnda. Det er oppretta eit sentralt forskingsutval der rektor er leiar. Elles er FoU-ansvaret delegert til dei faglege og administrative leiarane på avdelingsnivå, samt gruppeleiarane for ulike forskings-grupper. Saman med Møreforskning avd. Volda (MFV) har ein oppretta ei stilling som forskingskoordinator. Forskingskoordinatoren samarbeider nært med gruppeleiarane, og dei ulike forskingsgruppene er felles for HVO og MFV. Rektor, gruppeleiarane og forskingskoordinatoren utgjer forskingsutvalet. I visse tilfelle (strategisaker) etablerer ein eit utvida forskingsutval med breiare representasjon frå leing og dei tilsette ved HVO og MFV.

Fordeling av tid og ressursar til forskning og utviklingsarbeid skjer på bakgrunn av søknad. Det er eit mål at kvalifisert personale skal kunne nytte 40 prosent av arbeidstida til FoU-aktivitet eller doktorgradskvalifisering. Så langt har

formell kompetanseheving vore mest vektlagd ved tildeling av tid til FoU, men ein er i startfasen av ei differansiering mellom stillingskategoriar slik at tidsressursen til FoU aukar med stigande stillingsnivå.

Medio okotober 1997 arbeider fire doktorgradsstipendiatar ved Høgskolen i Volda. Desse er formelt tilsett ved Universitetet i Bergen. Samtundes arbeider 13 fagleg tilsette mot doktorgrad. Høgskulen i Volda har formelle samarbeidsavtalar med Møreforsking, Universitetet i Bergen og NTNU når det gjeld organisering av FoU-verksemda og doktorgradsutdanning. HVO har som mål å organisere og gjennomføre mesteparten av oppdragsverksemda ved høgskulen saman med og gjennom Møreforsking avd. Volda.

### **Høgskolen i Østfold (HiØ)**

Ansaret for FoU-verksemda ved Høgskolen i Østfold er fordelt på rektor, studiesjef, personalsjef og FoU-utval. FoU-utvalet er førebels sett ned for å utarbeide ein heilskapeleg strategi for FoU-verksemda ved høgskulen. Rektor er leiar for utvalet, som elles har dekanane samt fagleg leiar for figurteaterutdanninga som medlemmar. Studiesjefen er sekretær for utvalet. Endeleg rapport om FoU-organiseringa ved HiØ skal foreligge i desember 1997. Den foreløpige rapporten skisserer ei ansvarsdeling når det gjeld FoU mellom sentralt og avdelingsnivå; Ein foreslår å plassere hovudansaret for styringa av FoU-verksemda til avdelingsleiinga. Som ein seier det i det foreløpige rapportutkastet:

*“Fagspesifikke vurderinger og prioriteringer av FoU-virksomhet ivaretas av avdelingens styre og ledelse, i nært samarbeid med den enkelte forsker og de berørte miljøer”.*

Den sentrale leiinga ved høgskulen skal ha ansaret for og rette merksemda mot knutepunkt, tilrettelegging av avdelingsovergripande FoU-prosjekt, følgje opp planarbeidet på avdelingane med spesielt omsyn på å få inkludert FoU i desse, og i samarbeid med eksterne/regionale samarbeidspartnarar stimulere til auka oppdrags-verksemnd.

Fordeling av ressursar og tid til FoU skjer på bakgrunn av søknad med prioritering av tiltak som gir formell kompetanseheving. Fordelinga skjer

primært på avdelingsnivå. I det foreløpige utkast til rapport om FoU-verksemda ved HiØ, foreslår ein fortsett vektlegging av godt dokumenterte prosjekt og at det skjer ei fagleg oppfølging av prosjekta. Vidare foreslår ein at ein på avdelingsnivå kan gradere tid til FoU etter stillingskategori.

Per oktober 1997 arbeidde 17 fast tilsette og ein midlertidig tilsett ved Høgskolen i Østfold mot doktorgrad. I tillegg har høgskulen knytta til seg ein stipendiat. HiØ har så langt ikkje nokon formelle samarbeidsavtalar med andre institusjonar om doktor-gradsutdanning.

### **Høgskolen i Ålesund (HiÅ)**

Rektor og FoU-koordinatoren har det daglege ansvar for FoU-verksemda ved Høgskolen i Ålesund. FoU-koordinatoren er fristilt frå undervisningsplikt (50 prosent) for å arbeide med forskning og utviklingsarbeid. Det er oppretta eit sentralt FoU-utval med rektor som leiar. Elles er FoU-koordinatoren, avdelingsleiarane og student-representantar medlemmar i utvalet. Styret har delegert ein del mynde i saker som omhandlar FoU til rektor, og han/ho fattar vedtak i desse sakene etter råd frå FoU-utvalet samt avdelingsstyra. Fordeling av tid og ressursar til FoU skjer på bakgrunn av søknad med spesiell vektlegging av faglege resultat og produksjon.

Per desember 1997 held 5 fagleg tilsette på med doktorgradsutdanning. Det er forventa at den enkelte sjølv må ta initiativ til, planleggje og gjennomføre doktorgradsstudium, medan HiÅ gir finansiell støtte. Nemnte fem personar får delfinansiering (50 prosent) frå høgskulen over 3 år. HiÅ har formell samarbeidsavtale med UiB om doktorgrads-utdanning. Høgskolen i Ålesund har også ein ad hoc avtale med Møreforskning avd. Ålesund (MFÅ) som regulerer prosjektssamarbeid m.m. Ein arbeider for ei sterkare kopling mellom desse institusjonane når det gjeld prosjektsamarbeid og personalutveksling. Også samlokalisering kan vere aktuelt. Dei fleste eksterne prosjekt ved HiÅ vert i dag finansierte og utført gjennom Møreforskning avd. Ålesund.

### **Sámi allaskuvla/ Samisk høgskole (SH)**

Ved Samisk høgskole har rektor det faglege ansvaret for den løpande FoU-verksemda, medan høgskuledirektøren er administrativt ansvarleg. Ved lærarutdanninga har ein i tillegg oppretta eit eige forum for forskning og

utviklingsarbeid, og forskingsleiarane brukar å delta på møta i dette. Det er vidare oppretta tre bistillingar (20 prosent) som forskarrettleiarar ved høgskulen. I faglege spørsmål omkring forskning og utviklingsarbeid, er forskarrettleiarane rådgivande ovanfor rektor, prorektor og avdelingsleiarane. Høgskuledirektøren har uttalerett og blir gjerne konsultert i spørsmål om overordna strategi, personalsaker og økonomi knytta til FoU. Med om lag 30 fagleg tilsette totalt ved SH fungerer rektor og forskarrettleiarane som eit slags FoU-utval, og ein har derfor ikkje følt behov for å opprette eit eige FoU-utval ved høgskulen.

Når det gjeld fordeling av tid og ressursar til FoU skal alle fagleg tilsette i prinsippet bli tildelt dei same ressursane. Ein vektlegg spesielt fagutvikling og kompetanseheving. Foreløpig har ein grunna knappe faglege ressursar vore varsam med å spreie verksemnda for mykje, men har som mål å byggje opp ei eiga eining som skal ta seg av eksternt retta oppgåver og oppdragsverksemd. Så lang er det tilsett ein konsulent med hovudansvar for den eksternt retta verksemnda ved høgskulen.

Per oktober 1997 arbeider fem fagleg tilsette med doktorgrad, medan ein tilsett arbeider mot lisensiatgrad. Samisk høgskole samarbeider UiO, UiTø, Universitetet i Rovaniemi og Universitetet i Oulu når det gjeld doktorgradsutdanning og anna kompetanse-oppbyggjande tiltak.

### **3.2 FoU-organiseringa ved høgskulane - likskapar og ulikskapar**

Høgskulestyret er det øverste organet ved dei statlege høgskulane. Styret er etter universitets- og høgskulelova tillagt ansvaret for at verksemnda ved høgskulen foregår i tråd med lover og forskrifter og innan dei budsjetttrammer og økonomiske løyvingar som er gitt. Styret disponerer over fast eigedom mv. tilhøyrande høgskulane og skal ettersjå at den faglege verksemnda held høg kvalitet (jf. §4). Så lenge det ikkje går klart fram av lova at styret skal fatte avgjerd, kan styret delegerare avgjerdsmynde til rektor, administrerande direktør, avdelingane eller utval oppnemnt av styret. Av dette følgjer det at styret i siste instans har ansvaret for saker som omhandlar forskning og utviklingsarbeid ved høgskulane. Det løpande ansvaret for FoU-verksemnda er derimot som regel lagt til rektor/prorektor. Tabell 1 nedanfor gir ei oversikt av korleis ein formelt organiserer FoU-verksemnda sentralt ved høgskulane.

Tabell 1: Samla oversikt av FoU-organiseringa sentralt ved høgskulane

Statlege høgskular	Formell organisering av FoU-verksemnda
Høgskolen i Agder (HiA)	Formelt ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: Studie- og forskningsekretær (50%) FoU-utval: Forskingsutval
Høgskolen i Akershus (HiAk)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: Forskningskoordinator (50%) FoU-utval: FoU-utval
Høgskolen i Bergen (HiB)	Formelt ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: FoU-leiar/Studiedirek tør FoU-utval: FoU-utval
Høgskolen i Bodø (HBO)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: FoU-utval: Forskingsutval
Høgskolen i Buskerud (HiBu)	Formelt ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: Studiesjef FoU-utval: Utval for FoU- og internasjonale aktivitetar
Høgskolen i Finnmark (HiF)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: FoU-koordinator FoU-utval: Undervisnings- og forskingsutval
Høgskolen i Gjøvik (HiG)	Formelt ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: Studiesjef FoU-utval: (under oppretting)
Høgskolen i Harstad (HiH)	Formelt ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: Kurs- og forskingskonsulent FoU-utval: FoU-råd



Høgskolen i Hedmark (HiHM)	Formelt FoU-ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: Studiesjef FoU-utval: FoU-utval
Høgskolen i Lillehammer (HiL)	Formelt ansvarleg: Rektor/ leiar av forskingsutval (30%) Andre med FoU-ansvar: Dekanane FoU-utval: Forskingsutval
Høgskolen i Molde (HSM)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: Høgskoledirektør FoU-utval:
Høgskolen i Narvik (HiN)	Formelt ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: Kontorsjefar (avd.) FoU-utval: FoU-råd
Høgskolen i Nesna (HiNe)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: FoU-retteleiarar (50%)/ 1. konsulent FoU-utval: FoU-utval
Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT)	Formelt ansvarleg: Prorektor Andre med FoU-ansvar: Dekanane FoU-utval: FoU-utval
Høgskolen i Oslo (HiO)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: FoU-direktør FoU-utval: FoU-stipendutval, FoU-utval
Høgskolen i Sogn og Fjordane (HSF)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: FoU-leiar FoU-utval: (Kontaktutval for FoU-retteleiarar)
Høgskolen i Stavanger (HiS)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar: FoU-leiar FoU-utval: FoU-utval
Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)	Formelt ansvarleg: Rektor Andre med FoU-ansvar:

	FoU-utval:	FoU-utval
Høgskolen i Sør-Trøndelag (HiST)	Formelt ansvarleg: Andr emed FoU-ansvar: FoU-utval:	Rektor Studiedirektøren FoU-utval
Høgskolen i Telemark (HiT)	Formelt ansvarleg: Andre med FoU-ansvar: FoU-utval:	Rektor Studiedirektøren, FoU-leiar FoU-utval
Høgskolen i Tromsø (HiTø)	Formelt ansvarleg: Andre med FoU-ansvar: FoU-utval:	Prorektor Studiesjef FoU-utval
Høgskolen i Vestfold (HVE)	Formelt ansvarleg: Andre med FoU-ansvar: FoU-utval:	Rektor, høgskuledirektøren FoU-direktør FoU-utval
Høgskulen i Volda (HVO)	Formelt ansvarleg: Andre med FoU-ansvar: FoU-utval:	Rektor Forskingkoordinator Forskingsutval
Høgskolen i Østfold (HiØ)	Formelt ansvarleg: Andre med FoU-ansvar: FoU-utval:	Rektor Studiesjef, personalsjef FoU-utval
Høgskolen i Ålesund (HiÅ)	Formelt ansvarleg: Andre med FoU-ansvar: FoU-utval:	Rektor FoU-koordinator FoU-utval
Samisk høgskole (SH)	Formelt ansvarleg: Andre med FoU-ansvar: FoU-utval:	Rektor Høgskuledirektøren

Den vanlege ordninga ved dei statlege høgskulane er at styret fattar avgjerder som gjeld kostnadskrevjande forskning og utviklingsarbeid. Avgjerdene vert som

regel fatta på bakgrunn av sakshandsaming, prioritering og tilråding frå avdelingane og eventuelle FoU-utval. I relativt få tilfelle delegerer styret mynde som berører ressursbruk til forskning og utviklingsarbeid til rektor og/eller FoU-utval. Døme på dette har vi frå høgskulane i Agder, Bodø, Finnmark og Ålesund.

Halvparten av høgskulane har oppretta fagadministrative stillingar med FoU-ansvar. Av tretten stillingar, er åtte fulltidstillingar medan fem er halve stillingar. Ein kan skilje mellom relativt reine administrative stillingar og meir fagretta stillingar med FoU-ansvar. For sistnemnte følgjer det som regel faglege rettleiaroppgåver samt forventningar om at stillingsinnehavaren sjølv skal utføre forskings- og utviklings-arbeid. Dette er mellom anna tilfelle for FoU-direktøren ved HiO og FoU-leiaren ved HSF. Dei meir administrative stillingane har prioritet omkring planlegging og sakshandsaming i FoU-spørsmål. Eit uttrykk for skiljet finn vi i dei ulike stillingsnemningane som vert nytta (jf. tabell 1 og vedlegg 4). Ein kan dermed skilje mellom høgskular som har eller ikkje har oppretta stillingar med spesielt ansvar for FoU og mellom administrative og faglege stillingar med FoU-ansvar.

I forlenginga av dette bør det nemnast at fleire høgskular legg ulike typar faglege ansvarsoppgåver til fagtilsette med høg kompetanse. Det kan vere snakk om rettleiar-oppgåver eller prosjektleiaransvar. Desse har i praksis ansvar for delar eller sider av FoU-verksemnda utan at det kan lesast direkte ut av organisasjonskartet.

Dei fleste høgskulane har oppretta FoU-utval. Nemning, samansetting og mandat varierer noko, men generelt gjeld det at desse utvala har som primæroppgåve å utføre planlegging av og tilrettelegging for FoU, gi tilrådingar (av og til fatte vedtak) til styret i saker som omhandlar FoU og fungere som rådgivande organ for avdelingar og enkeltpersonar. Det er og nokså vanleg å leggje ansvar for kartlegging av FoU-verksemnda ved høgskulane til FoU-utvala, samstundes som medlemmane har eit spesielt ansvar for halde seg orientert og oppdatert innan forskning og utviklingsarbeid nasjonalt som internasjonalt.

FoU-utvala har eit varierende tal medlemmar. Som regel er rektor/prorektor leiar, avdelingane har ein representant og i varierende grad er stipendiatar

(studentar), representantar for regionale forskingsinstitutt o.a. tatt med. Frå avdelingane er det vanleg at avdelingsleiar/dekanus blir medlem i FoU-utvala, men det skjer og at ein anten veljer eller peikar ut personar med høg forskingskompetanse og spesiell interesse for dette arbeidet. I dei tilfelle ein har administrativt tilsette med FoU-ansvar, er det vanleg at desse er tillagt sekretærfunksjonar for FoU-utvala. Som nemnt har FoU-utvala i nokre tilfelle fått delegert avgjerdsmynde. Dette gjeld hovudsakeleg i saker som gjeld tildelingar av ulike typar stipend og forskningsterminar.

Dei fleste høgskulane har ei desentralisert organisering av FoU-verksemnda der fagpersonalet har stor innverknad og makt over saker som gjeld forskings- og utviklingsarbeid ved høgskulane. Fagpersonalet har fleirtal i FoU-utvala, stipend og permisjonssaker blir avgjort etter innstilling og råd frå avdelingsråda, og FoU-utvala og kriteria for økonomisk støtte mv. er utforma slik at fagpersonalet er best kvalifisert til å vurdere dei fleste sakene. Administrativt tilsette med ansvar for forskning og utviklingsarbeid utfører støttefunksjonar for fagpersonalet og dei valde styringsorgana.

### **3.3 Kompetanseutvikling - ei samanfating**

Kompetanseprofilen vurdert etter fordeling på dei ulike faglege stillingskategoriane varierer mellom høgskular og fagområde (Skodvin, 1997). Dette indikerer ulike rekrutteringsmoglegheiter for høgskulane og ujamn kompetansesituasjon mellom fagområda. Høgskular i urbane strøk har kanskje lettare for å trekkje til seg forskingskvalifiserte personar på bakgrunn av eigen storleik på og avstanden til andre forskingsmiljø. Innan dei ulike fagområda har det vore ulike tradisjonar og moglegheiter for høgare grads utdanning. For helsfag kom til dømes hovudfagstilbod først på 70-talet. Vidare er det fleire utdanningar og fagområde som har vektlagt praksiserfaring frå fagfeltet meir enn teoretisk og akademisk kunnskap som tradisjonelt gir meritering til forskarstillingar.

Fleire høgskular rettar merksemnda mot kompetanseheving, og mange prioriterer FoU-ressursar til slike tiltak. Eit spesielt døme er Samisk høgskole. Ved denne høgskulen prioriterer ein kompetanseheving i kombinasjon med at ein bygg ut nye fagfelt innan samisk språk og kultur. Forsking og utviklingsarbeid går slik hand i hand med kompetansestyrking. Dette synest vanleg ved fleire

høgskular, men kanskje spesielt for høgskular med overvekt av profesjons- og yrkesutdanningar.

Doktorgradskvalifisering av fagleg tilsette er eit satsingsområde for mange statlege høgskular. Tabell 2 gir ei oversikt over fagleg tilsette og stipendiatar ved høgskulane som held på med doktorgradsutdanning.

Tabell 2: Fagleg tilsette og andre ved høgskulane som held på med doktorgradsutdanning, etter høgskule.

Statleg høgskule	Doktorgradsutdanning					
	Fast tilsette i ordinære stillingar	Fast tilsette i stipendiatstillingar	Stipendiatar utan fast tilsetting	Totalt	Knytta til dr.program i Norge	Knytta til dr.program i utlandet
Høgskolen i Agder	42	6	10	58	42	7
Høgskolen i Akershus	16	-	-	16	11	1
Høgskolen i Bergen*	24	-	-	24	-	-
Høgskolen i Bodø*	-	-	-	36	-	-
Høgskolen i Buskerud	10	-	2	12	9	3
Høgskolen i Finnmark	30	2	-	32	31	1
Høgskolen i Gjøvik	-	6	1	7	6	1
Høgskolen i Harstad	6	-	-	6	5	1
Høgskolen i Hedmark*	11	-	-	11	-	-
Høgskolen i Lillehammer	16	-	5	21	16	3
Høgskolen i Molde	10	-	4	14	11	3
Høgskolen i Narvik	4	9	3	16	15	1
Høgskolen i Nesna	10	-	-	10	8	2

Høgskolen i Nord-Trøndelag	15	-	-	15	10	5
Høgskolen i Oslo	35	8	3	46	33	5
Høgskulen i Sogn og Fjordane	7	2	2	11	10	1
Høgskolen i Stavanger*	16	-	27	43	-	-
Høgskolen Stord/Haugesund	14	4	-	18	16	2
Høgskolen i Sør-Trøndelag	13	5	-	18	9	-
Høgskolen i Telemark	14	7	16	37	32	5
Høgskolen i Tromsø	7	-	-	7	6	1
Høgskolen i Vestfold	27	2	1	30	8	4
Høgskulen i Volda*	13	1	3	17	-	-
Høgskolen i Østfold*	18	-	1	19	-	-
Høgskolen i Ålesund	5	-	-	5	5	-
Samisk Høgskole	2	4	-	6	4	1
Totalt	365	56	78	535	287	47

\* For høgskular merka (\*) manglar vi heilt eller delvis fordeling på stillingskategoriar.

Rekrutteringsproblem forklarar truleg eitt stykkje på veg høgskulane si prioritering av intern kompetanseauke, og i overkant av 500 personar ved høgskulane held på med doktorgradskvalifisering. Ein del av desse er stipendiatar, medan dei fleste er tekne opp på formelle doktorgradsprogram. I tillegg kjem ein del som jobbar med doktorgrads-arbeid på eiga hand. Når vi held høgskulane der vi manglar fordeling på stillingskategoriar mv. utanfor, viser tabell 2 at 334 personar er knytta til formelle doktorgradsprogram, det vil seie om lag 87 prosent av alle som held på med doktor-gradsstudium. Er fordelinga den same for høgskulane vi held utanfor, reknar vi oss fram til

at i overkant av 460 fagpersonar ved dei statlege høgskulane er knytta til eit doktorgradsprogram.

Tabell 3 viser talet på fagleg tilsette ved høgskulane som held på med doktorgrads-utdanning innan dei ulike fagområda.

Tabell 3: Fagleg tilsette ved høgskulane som held på med doktorgradsutdanning, etter fagområde

Statleg høgskule	Fagområde									
	Hum.	Øk.	Ped.	Samf.	Hel s e	M&N	Tekn.	L&F	Andr e	Tota lt
HiA	21	13	4	8	-	7	4	-	1	58
HiAk	1	-	9	-	5	-	1	-	-	16
HiB	-	-	12	-	10	-	2	-	-	24
HBO*	-	-	-	-	-	-	-	-	-	36
HiBu	-	5	1	2	-	1	3	-	-	12
HiF	7	3	1	12	-	5	3	-	1	32
HiG	-	-	-	-	1	6	-	-	-	7
HiH	1	2	-	2	1	-	-	-	-	6
HiHm*	-	-	-	-	-	-	-	-	-	11
HiL	5	2	-	12	2	-	-	-	-	21
HSM	-	6	-	2	2	4	-	-	-	14
HiN	-	1	2	-	-	1	12	-	-	16
HiNe	6	-	2	1	-	-	-	-	1	10
HiNT	1	7	2	-	3	1	-	1	-	15
HiO	5	1	8	10	15	1	-	-	6	46
HSF	5	-	2	1	-	1	-	1	1	11
HiS*	-	-	-	-	-	-	-	-	-	43
HSH	5	1	3	-	3	-	6	-	-	18
HiST	2	3	2	4	2	2	3	-	-	18



HiT	2	1	4	-	2	-	23	-	5	37
HiTø	2	-	2	-	2	-	1	-	-	7
HVE	1	-	2	3	1	4	-	-	19**	30
HVO	8	-	-	7	1	1	-	-	-	17
HiØ	6	2	2	1	2	1	3	-	2	19
HiÅ	-	1	-	1	-	1	-	2	-	5
SH	2	-	2	-	-	-	-	-	2	6
Totalt	80	48	60	66	52	36	61	4	38	535

\* Vi manglar fordeling etter fagområde for desse høgskulane.

\*\* Inkluderer 18 tilsette som held på med doktorgrad, men som ikkje er fordelt. I gjennomsnitt held i overkant av 20 fagtilsette på med doktorgrad ved kvar høgskule. Vidare er det ein stor del som held på med hovudfagsstudium. Berre innan helsefagutdanningane var det i 1996 snakk om nestan 300 høgskulelærarar som hald på med hovudfagsutdanning. Ein kan derfor forvente eit auka kompetansenivå i høgskule-sektoren i åra som kjem. Blant anna vil bindingstida knytta til doktorgradsstøtte m.m. verke til at høgskulane held på den nye kompetansen i dei nærmaste åra.

Oppretting av II-stillingar er ein vanleg strategi for å trekkje til seg forskings-kvalifiserte personar, men sjølv dette er ikkje uproblematisk. Fleire opplever rekrutteringsproblem også for desse stillingane. Eit anna forhold er heimlar og finansiering av slike stillingar som ein må søkje KUF om å få. Fleire høgskular signaliserer derimot ønskje om ytterlegare II-stillingar, og då gjerne i samband med knutepunkt i Norgesnett og styrking av forskarutdanninga.

Det verkar å vere skilnad mellom høgskular dominert av disiplinorienterte utdanningar og høgskular dominert av yrkes- og profesjonsorienterte utdanningar når det gjeld strategi for kompetanseheving. Ved sistnemnte synest ein å vektleggje intern kompetanseheving gjennom etter- og vidareutdanning. Dette kan skuldast store innslag av høgskulelærarar, mangel på kvalifisert fagpersonell og manglande tradisjonar for rekruttering på bakgrunn av akademisk

meriterande prinsipp. Høgskular dominert av disiplinorienterte utdanningar synest meir opptatt av å stille høgare krav ved rekruttering av nytt fagpersonell og opprette nye stillingar på høgste nivå. Forklaringa kan vere at kompetansenivået allereie er relativt høgt samstundes som at det er tradisjon blant fagpersonalet å sjølv skaffe seg den nødvendige faglege og akademiske formalkompetanse.

## 4 Forholdet til regionale forskingsinstitutt

Regionale forskingsinstitutt er stiftingar, sentra og selskap som utfører forskning og utviklingsarbeid og som er fagleg knytta til og institusjonelt basert på eit samarbeid med statlege høgskular<sup>5</sup>. Frå 1970-talet og fram til i dag er det oppretta 14 regionale forskingsinstitutt i randsona til statlege høgskular. Inittativet til opprettingane har dels kome frå høgskulane, dels frå regionale styresmakter og næringsliv og dels frå Kommunal- og arbeidsdepartementet (KAD). I utgangspunktet skal desse forskingsinstitutta dekke fleire funksjonar; ein skal på vegne av dei statlege høgskulane utføre oppdragsverksemd for regionale organisasjonar og samfunnet omkring, gi undervisning ut over høgskulane sitt ordinære undervisningstilbod og vere eit formidlingsorgan mellom høgskulane og samfunnet omkring (NOU 1988:28; Knain 1994).

### 4.1 Regionale forskingsinstitutt i randsona til statlege høgskular

Oversikta nedanfor viser dei regionale forskingsinstitutta samt tilhøyrande høgskular. Vilkåret for å verte rekna som regionalt forskingsinstitutt er at det er fagleg knytta til og institusjonelt basert på samarbeid med ein høgskule.

Opplysningane i oversikta er henta frå årsmeldingane til forskingsinstitutta for 1995 og gjeld med unntak for punktet "HS-tilsette" berre verksemnda ved institutta. Punktet "HS-tilsette" viser kor mange fagpersonar med hovudstilling ved høgskular/universitet som utførte arbeid (av ulikt omfang) ved forskingsinstitutta.

Tabell 4: Forskingsinstitutt i randsona til høgskulane

Forskingsinstitutt/høgskule	Etablering, samarbeidsordningar og FoU ved forskingsinstitutta
Agderforskning - avd. Kristiansand	Etablering: Etablert i 1985 av fleire regionale interessentar.

<sup>5</sup> Det er ofte vanleg å nytte nemninga 'regionale forskingsstiftingar' sidan dei fleste er organisert som stiftingar. Fordi ein finn andre organisasjonsformer, brukar vi likevel det meir nøytrale omgrepet 'regionale forskingsinstitutt'.

<p>- avd. Grimstad Høgskolen i Agder (HiA)</p>	<p>Samarbeid: Samarbeider tett med HiA. HS-tilsette: 9 bistillingar er besett av forskarar med hovudstilling ved universitet og høgskular. FoU-årsverk: Utførte om lag 29 FoU-årsverk.</p>
<p>Nordlandsforskning (NF) Høgskolen i Bodø (HBO)</p>	<p>Etablering: Etablert i 1979 av Nordland fylkeskommune. Samarbeid: Er samlokalisert og samarbeider tett med HBO. HS-tilsette: 13 personar med hovudstilling ved universitet/høgskule hadde fagleg bistilling ved Nordlandsforskning. FoU-årsverk: Utførte rundt 37 FoU-årsverk.</p>
<p>Finmarksforskning (FIFO) - Alta - Hammerfest Høgskolen i Finnmark</p>	<p>Etablering: Etablert i 1988. Samarbeid: Regulert av rammeavtale av 01.10.95. HS-tilsette: FoU-årsverk: Utførte i overkant av 18 FoU-årsverk.</p>
<p>Østlandsforskning (ØF) Høgskolen i Lillehammer (HiL)</p>	<p>Etablering: Etablert i 1984. Samarbeid: Samarbeid med HiL, HiHM og HiO. Er samlokalisert med HiL. HS-tilsette: Av 41 tilsette hadde seks hovudstilling ved HiL og ein ved HiO. FoU-årsverk: Utførte rundt 26 FoU-årsverk.</p>
<p>Møreforskning - avd. Volda - avd. Ålesund - avd. Molde Høgskulen i Volda (HVO) Høgskolen i Ålesund (HiÅ) Høgskolen i Molde (HSM)</p>	<p>Etablering: Etablert i 1979 av Møre og Romsdal fylkeskommune. Består av 3 sentra. Sentra er etablert og drivne på basis av samarbeids-avtalar med høgskulane i fylket. Samarbeid: Samlokalisering med høgskulane. Formelle avtalar regulerer forskings-, undervisningssamarbeid, prosjektleiaransvar m.m. HS-tilsette: Av 81 personar med stillingar i storleik 20% eller meir, hadde 22 ein av høgskulane som hovudarbeidsgivar. FoU-årsverk: Utførte om lag 57 FoU-årsverk.</p>
<p>NORUT Teknologi AS</p>	<p>Etablering: Dotterselskap i konsernet NORUT Gruppen</p>

Høgskolen i Narvik (HiN)	<p>AS der HiN er medeigar. NORUT Gruppen AS vart etablert i 1992.</p> <p>Samarbeid: HiN er ein viktig samarbeidspartnar. Arbeid med samlokalisering er i gong.</p> <p>HS-tilsette: Tildelt to doktorgradsstipendiat. Undervisning i samarbeid med HiN. Knytta til seg 6 hovudfagsstudentar frå HiN. Ga undervisning og rettleiing.</p> <p>FoU-årsverk: Utførte ca. 10 FoU-årsverk.</p>
Nord-Trøndelagsforskning (NTF)  Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT)	<p>Etablering: Etablert i 1982 av Nord-Trøndelag fylkeskommune.</p> <p>Samarbeid: Har forskingsamarbeid med HiNT. I 1995 utgjorde dette 13% av samla tal på forskarårsverk. Uttalt mål om å få dette opp i 25%. Delvis samlokalisering med HiNT.</p> <p>HS-tilsette: Av alle FoU-årsverk vart 13% utført av tilsette ved HiNT.</p> <p>FoU-årsverk: Utførte ca. 20 FoU-årsverk.</p>
Vestlandsforskning (VF)  Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF)	<p>Etablering: Etablert i 1985 i nært samarbeid med Høgskolen i Sogn og Fjordane. Hausten 1995 starta ein oppbygging av ei avdeling i Bergen i samarbeid med Høgskolen i Bergen.</p> <p>Samarbeid: Samarbeider med HSF og HiB. Forskarar ved VF underviste ved HSF og HiB. Ein samarbeidar og om ei stipendiatstilling plassert ved høgskulen.</p> <p>HS-tilsette: Noko sirkulasjon av personale mellom VF og HSF. Per oktober 1997 har tre tilsette ved HSF bistilling ved VF.</p> <p>FoU-årsverk: Utførte rundt 13 FoU-årsverk.</p>
Rogalandsforskning (RF)*  Høgskolen i Stavanger (HiS)	<p>Etablering: Etablert i 1973.</p> <p>Samarbeid: Har formell samarbeidsavtale med HiS. Har mål om å styrke dette samarbeidet.</p> <p>HS-tilsette:</p> <p>FoU-årsverk: Utførte rundt 180 FoU-årsverk.</p>
Stiftelsen TISIP	<p>Etablering: Etablert i 1985. Sprang ut av</p>

<p>Høgskolen i Sør-Trøndelag (HiST)</p>	<p>EDB-avdelinga ved Trondheim Ingeniørhøgskole. I dag tilknytta Institutt for databehandling (IDB) ved Høgskolen i Sør-Trøndelag.</p> <p>Samarbeid: Nært knytta til HiST via Insitutt for databehandling.</p> <p>HS-tilsette: Arbeidet er i hovudsak utført av fagpersonal frå IDB i deltidsstillingar ved TISIP.</p> <p>FoU-årsverk: Utførte ca. 2 FoU-årsverk.</p>
<p>Telemarkforsking Bø (TFB)  Høgskolen i Telemark (HiT)</p>	<p>Etablering: Etablert i 1988.</p> <p>Samarbeid: Formelt samarbeid med HiT. Desember 1995 inngjekk Høgskolen i Telemark, Telemarkforsking Bø, Telemarkforsking Notodden og Telemark teknisk industrielle utviklingscenter ein rammeavtale. Rammeavtalen regulerer samarbeidet mellom HiT og forskingsinstitutta med særleg vekt på samarbeids-intensjonar, formål, samarbeidsformer, økonomi, arbeidsforhold, informasjon og rettar.</p> <p>HS-tilsette: 6-7 tilsette ved HiT var kortidsengasjert ved TFB.</p> <p>FoU-årsverk: Utførte rundt 21 FoU-årsverk.</p>
<p>Telemarkforsking Notodden (TFN)  Høgskolen i Telemark (HiT)</p>	<p>Etablering: Etablert i 1987 av Det regionale høgskolestyret i Telemark, Utdanningsdirektøren i Telemark, Telemark lærerhøgskole m.fl.</p> <p>Samarbeid: Formell samarbeidsavtale med HiT (jf. ovanfor).</p> <p>HS-tilsette: Fleire med hovudstilling ved HiT har engasjement o.l. ved TFN.</p> <p>FoU-årsverk: Utførte ca. 12 FoU-årsverk.</p>
<p>Telemark teknisk industrielle utviklingscenter (Tel-tek)</p>	<p>Etablering: Etablert i 1986 med Telemark fylkeskommune og Telemark industriforening som stiftarar.</p> <p>Samarbeid: Eit avgjerande forhold for etableringa var</p>

<p>Høgskolen i Telemark (HiT)</p>	<p>samlokalisering og samarbeid med Telemark ingeniørhøgskole, i dag HiT. Samarbeidet er viktig for oppdragsforskning og dr. grads utdanning. Samarbeidet er regulert av formell avtale (jf. ovanfor).</p> <p>HS-tilsette: Tilsette ved HiT utfører arbeid ved Tel-tek. I 1995 var 15 dr. grads kandidatar under utdanning ved Tel-tek/HiT.</p> <p>FoU-årsverk: Ein utførte rundt 24 FoU-årsverk.</p>
<p>Stiftelsen Østfoldforskning (STØ)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fredrikstad</li> <li>- Halden</li> </ul> <p>Høgskolen i Østfold (HiØ)</p>	<p>Etablering: Etablert i 1988 av fleire regionale stiftatarar. Består av fire institutt og er lokalisert til to kommunar.</p> <p>Samarbeid: Noko samarbeid med Høgskolen i Østfold.</p> <p>HS-tilsette:</p> <p>FoU-årsverk: Utførte om lag 39 FoU-årsverk.</p>

\* Rogalandsforskning er eitt av fleire nasjonale forskingsinstitutt og slik sett ikkje eit regionalt forskingsinstitutt i ordinær tyding. Vi veljer likevel å ta med Rogalandsforskning grunna det relativt nære samarbeidet med HiS.

## 4.2 Samarbeid og samverke

Samarbeid og samverke mellom regionale forskingsinstitutt og statlege høgskular er regulert av nasjonale reglar og forskrifter, med "Retningslinjer for samarbeid mellom nye statlige høgskolar og offentlige og private stiftelser eller selskap" som den mest sentrale forskrifta. Tre prinsipp er nedfelt i desse retningslinjene, prinsipp som seinare er gjentatt og nedfelt i universitets- og høgskulelova §17:

- \* Samarbeid og samverke skal ikkje redusere sjølvstende og autonomi ved høgskulane. Det skal ikkje vere tvil om at ein har med separate og sjølvstendige institusjonar å gjere.
- \* Høgskulane kan ikkje overføre ordinære oppgåver og midlar til forskingsinstitutt. Prosjekt og oppgåver definert som tilhøyrande eller av interesse for høgskulane bør organisatorisk og økonomisk leggjast til høgskulane.
- \* Alt samarbeid og samverke skal regulerast av rammeavtalar mellom høgskulane og samarbeidande institusjonar. Slike rammeavtalar skal godkjennast av departementet.

Innan desse reglane har det vakse fram ulike samarbeidsformer og organisatoriske løysingar. Samarbeid om rettleiing og utdanningsoppgåver, utveksling av fag-personale, fagleg samarbeid på andre måtar (til dømes prosjektsamarbeid og skriftseriar). Organisatorisk er det nokså vanleg at institusjonane får styrerepresentasjon hos sine samarbeidspartnarar, og i over halvparten av tilfella er høgskulane og forskingsinstitutta fysisk samlokalisert. Retningslinjene set derimot klare skrankar for økonomisk og organisatorisk samarbeid.

Organisering av samarbeid og samverke varierer mellom høgskular og forskingsinstitutt. Det er snakk om koplingar av ulik art og styrkje. Generelt synest fleire høgskular å organisere den utåtretta forskings- og oppdragsverksemnda gjennom forskingsinstitutta. Blant anna er dette tilfelle for høgskulane i Møre og Romsdal og Møreforsking (jf. Skodvin og Kyvik, 1994). Vidare er det snakk om økonomisk og personalmessig samarbeid - ein søker om og utfører prosjekt saman, fagpersonale ved høgskulane har bistillingar eller er prosjektansvarlege ved forskingsinstitutt.

Høgskulane har ikkje same vilkåra for samarbeid på tvers av institusjonsgrenser. Geografiske og fagrelaterte forhold gir visse høgskular betre vilkår for samarbeid og samverke enn andre. Fagrelaterte forhold kan auke eller minske sjansane for eksternt samarbeid. Geografisk spreining av høgskuleavdelingar kan føre til at ein må nytte meir tid og ressursar for å oppnå intern samordning og koordinering enn ved samlokaliserte høgskular. Elles verkar det som at disiplinorienterte fag har betre føresetnader for samarbeid enn praksisorienterte fag. Dels grunna fagtradisjonar og dels grunna omfanget av forskingsaktivitet innan fagområda. Blant anna rapporterte ingen av dei 14 regionale forskingsinstitutta i Norge at ein i 1995 utførte forskingsprosjekt innan fagområdet helsefag.

Ved opprettinga av regionale forskingsinstitutt var ein del uroa over effektane av dette på fagmiljøa ved høgskulane. Mellom anna var ein redd forskingsinstitutta skulle trekkje faglege ressursar vekk frå høgskulane. Dette kan ikkje seiast å ha slått til. Samarbeidet og samverket kan heller ha styrkja fagmiljøa ved høgskulane ved å gi fagpersonar fleire moglegheiter til



eigenutvikling samstundes som fagmiljøa totalt sett har vorte større og dermed kanskje meir interessante for kvalifisert personell. Forskingsinstitutta rapporterer både behov for og interesse av å trekkje vekslar på fagpersonalet ved høgskulane, og i fleire tilfelle har fagpersonar frå høgskulane stor innverknad på prosjektverksemda ved institutta. Fagleg tilsette ved Høgskulane i Telemark og Volda har ofte prosjektleiaransvar ved respektive Tel-Tek og Møreforsking avd. Volda.

Organisering og kanalisering av den eksternt retta verksemda ved høgskulane gjennom dei regionale forskingsinstitutta er ofte motivert av oppfatninga om at dette aukar sjansane for å vinne fram i konkurransen om knappe forskings- og utviklingsmidlar. Men denne strategien kan samstundes gjere høgskulane mindre synlege som forskings- institusjonar regionalt såvel som nasjonalt, og føre til at resultatata frå forskings- og utviklingsarbeidet vert assosiert med forskingsinstitutta trass i at arbeidet er utført av høgskuletilsette. Over tid kan dette gi høgskulane eit markeringsproblem i samband med forskings- og utviklingsarbeid.

Trass moglege markeringsproblem, mange vil hevde at fordelane knytta til felles framstøt mot finansieringskjelder til forskingsprosjekt, kostnadsdeling når det gjeld infrastruktur, investeringar i vitskapeleg utstyr, bibliotekteneste mv. og moglegheiter for ulike typar utfordringar er større enn ulempene. Generelt viser det seg og at høgskular med regionale forskingsinstitutt utfører større delar av den totale FoU-verksemda i høgskulsektoren enn talet og storleiken på dei skulle tilseie (jf. Remme m.fl., 1997). Dei har og større innslag av grunnforskning enn det høgskular utan forskingsinstitutt har.

## 6 Avrunding

Den statlege høgskulesektoren er prega av endringar og omstilling. Spørsmål om samlokalisering, avdelingsstruktur og fagprofil er gjenstand for merksemd og reiser problemstillingar som må handterast og løysast.

I utgangspunktet var dei regionale høgskulane orientert mot å gi yrkes- og profesjonsorientert utdanning av kortvarig karakter (2-3 års lengde). Dei tidlegare distriktshøgskulane viste noko avvikande tendensar i så måte (jf. Skodvin og Kyvik, 1994), men også desse tilbydde primært kortvarige utdanningar i økonomiske-, administrative- og sosialfag. Etterkvart er utdanningstilboda utvida, og for studieåret 1996/97 tilbydde 14 statlege høgskular høgre grads utdanning, det vil seie hovudfags-, sivilingeniør- eller siviløkonomstudium. I tillegg ga ein ved Høgskulane i Stavanger og Telemark i samarbeid med NTNU dr.ing. utdanning (Skodvin, 1996:6). Vidare har omfanget av og forventningane til forskning og utviklingsarbeid auka ved dei statlege høgskulane, og frå å vere nestan reine utdanningsinstitusjonar har ein etterkvart fått merkbare innslag av forskning og utviklingsarbeid.

Forskning og utviklingsarbeid må forventast å vere ei integrert verksemd ved dei statlege høgskulane i framtida. For mange av høgskuleutdanningane er det snakk om ein relativt ny aktivitet, og dette reiser problemstillingar knytta til organisering av høgskulane, arbeidsdeling og prioritering av oppgåver. Auka vektlegging av FoU kan medføre at høgskulane i større grad må orientere seg eksternt. Dels på grunn av finanseringsbehov og dels på grunn av formidlingsaspektet knytta til slik aktivitet.

Organisering impliserer fordeling av makt og avmakt, det reflekterer prioriteringar og strategiar og det symboliserer institusjonen si meining og retning. Samstundes femnar som regel organisasjonar om bestemte tenkesett og handlingsmønster. Ei felles plattform er det stort sett alltid, men det er gjerne variasjon mellom grupper av aktørar i organisasjonen. Som ei følge vil ein del oppleve FoU som ein sentral aktivitet, medan andre ser det som til dels irrelevant eller som eit forstyrrende element i kvardagen. Skilnader vil ein og finne i synet på kva type FoU som bør utførast, og kva plass og

rolle forskning og utviklingsarbeid skal ha i høgskulesystemet. Mellom anna stiller FoU krav som har implikasjonar for rekruttering til ledige stillingar, om arbeidsoppgåver og intern fordeling av desse mv.

Så langt verkar det som at ein har konsentrert ressursar og energi rundt det å auke kompetansen blant personalet. Då oppnår ein samstundes ein auke i omfanget av FoU-verksemnda ved høgskulane. Vidare er det jobba ein del med organiseringa av FoU-verksemnda. Dei fleste held på ein desentralisert modell med stor fagleg innverknad på det som skjer. Samstundes er det etterkvart blitt oppretta eller er under oppretting eit administrativt støtteapparat for FoU-verksemnda. Dette apparatet har som regel saksførebuande og planleggande funksjonar i samband med forskning og utviklingsarbeid ved høgskulane.

Ei spesiell utfordring når det gjeld organisering av FoU-verksemnda så langt er knytta til forholdet mellom sentralt nivå og avdelingsnivå ved høgskulane. Denne dimensjonen aktualiserer mellom anna spørsmål om koordinering, styring og fagleg fridom i samband med forskning og utviklingsarbeid. Medan det er relativt store høgskular som har kome lengst i å byggje opp organisatoriske strukturar rundt FoU-verksemnda, er det relativt små høgskular som klarast held på ei desentralisert organisering med stor individuell innverknad på denne verksemnda. Dette kan kome av at store høgskular opplever større behov for koordinering og samordning enn små, men det kan også uttrykkje ulike oppfatningar av og løysingar på utfordringane knytta til FoU-verksemnda.

Samarbeidsrelasjonar og knutepunkt er og sentrale stikkord i ein diskusjon om forskning og utviklingsarbeid i den statlege høgskulesektoren. Generelt er omfanget av FoU-verksemnda større ved høgskular som er knytta til eit regionalt forskingsinstitutt, og fleire prøver å kanalisere og organisere større delar av FoU-verksemnda via desse institutta. Auka medvitskap om behovet for kompetanseheving pressar og fram samarbeidsordningar med universitet og vitskapelege høgskular sidan desse har primæransvaret for forskarutdanninga. Men ein ser og samarbeid knytta til hovudfags-utdanning. Dels som ei følgje av aspirasjonar om å tilby hovudfagsutdanning innan knutepunkta, og dels som ei følgje av behov for å løfte delar av fagpersonalet opp til høgskulektorkompetanse. Ønskjer om eller tildeling av knutepunkt dirigerer merksemd og ressursar i høgskulesystemet. Dei enkelte høgskulane prioriterer

prosjekt og vidareutdanning som styrkar knutepunktfunksjonane. Det ser ein både når det gjeld tildelingar av ressursar og når det gjeld orientering mot moglege samarbeidspartnarar.

Framstillinga i denne rapporten er hovudsakeleg deskriptiv, noko som langt på veg skuldast dei data vi rår over i dag. Vi veit til dømes ikkje noko om korleis organiseringa av FoU-verksemda verkar i praksis ved dei enkelte høgskulane. For å ta denne diskusjonen treng ein betre og meir djuptgåande undersøkingar enn den vi gjennomførte i denne samanheng.

## Litteratur

Brautaset, Knut (1996), De statlige høgskolene - bruk dem som forskningsaktører og nyskapere, i *Om FoU i de statlige høgskolene*. Det norske høgskolerådet; Rapport nr. 2 1996.

Brunsson, N. & Olsen, J.P. (1990), Kan organisasjonsformer velges? LOS-senter Notat 90/6.

Hesjedal, Olav (1996a), Kompleksiteten i dei statlege høgskolane - ei utfordring for institusjonane sin FoU-politikk, i *Om FoU i de statlige høgskolene*. Det norske høgskolerådet; Rapport nr. 2 1996.

Hesjedal, Olav (1996b), Høgskolerådets FoU-utval. Samansetjing, mandat og arbeidsoppgåver, i *Om FoU i de statlige høgskolene*. Det norske høgskolerådet; Rapport nr. 2 1996.

Knain, Erik (1994), *Senter- og randseineinstitusjoner ved norske universiteter og vitenskapelige høgskoler*. NIFU; Rapport 13/94.

Kyvik, S. & Skodvin, O-J. (1996), From functional specialisation to regional integration- The reorganisation of non-university higher education in Norway, i Dahllöf, U. & Selander, S. (ed.) (1996): *Expanding Colleges and New Universities*. Almqvist & Wiksell; Uppsala Studies in Education, 66.

Mintzberg, Henry (1979), *The structuring of organizations*. Englewood Cliffs, New Jersey. Prentice-Hall, Inc.

NOU 1988:28: Med viten og vilje. Kultur- og vitskapsdepartementet.

NOU 1993:24: Lov om universiteter og høgskoler. Kyrkje-, utdannings- og forskings- departementet.

OECD (1994), *The Measurement of Scientific and Technological Activities; Frascati Manualen 1993*. Paris. Samt; Utdrag fra OECDs "Frascati manual", i norsk oversettelse. NIFU 1995.

Pfeffer, Jeffrey (1981), *Management as symbolic action: the creation and maintenance of organizational paradigms*. Research in Organizational Behavior, vol 3: 1-52. Jai Press Inc.

Remme, J.A. (1997), *Forskning og andre faglege aktivitetar innan høgskuleutdanninga i helse- og sosialfag*. RHHS-rapport 5/97.

Remme, J.A., Fjeldstad, K., Sarpebakken, B. & Skodvin. O-J. (1997), *Forskning og andre faglege aktivitetar i statlege høgskular i 1995: Tidsbruk, utgifter, finansiering og profil*. NIFU skriftserie nr. 23/97.

Scott, W. Richard (1995), *Institutions and organizations*. California: SAGE Publications, Inc.

Skodvin, O-J. & Kyvik, S. (1994), *Forskning og annen faglig aktivitet i den regionale høgskolesektoren*. NIFU; Rapport 4/94.

Skodvin, Ole-Jacob (1996), *Oversikt over det statlige høgskolesystemet. Lokalisering, organisasjon og fagstruktur*. Upublisert notat til Konferanse om evaluering av høgskolereformen, Quality Park Hotel Mastemyr, 30-31 oktober 1996.

Skodvin, Ole-Jacob (1997), *Det faglige personalet ved de statlige høgskolene - stillingsstruktur og kompetanseprofil*. NIFU skriftserie nr. 11/97.

Weick, Karl (1976), *Educational organizations as loosely coupled organizations*.  
Administrative Science Quarterly, 21 (1976): 1-19.

## Vedlegg 1: Brev om studien frå NIFU til høgskulane

TIL STATLEGE HØGSKULAR

Deres ref.:                      Vår ref.: 3256 U 127/97      Oslo, mars/april 1997  
JAR

### Vedrørende studie av “FoU-politikken” ved statlege høgskular

Eg viser til telefonsamtale og sender som avtalt bakgrunnsinformasjon om NIFUs studie av “FoU-politikken” ved dei statlege høgskulane.

Bakgrunnsinformasjonen er meint å konkretisere rammene for studien samstundes som han er til hjelp når ein skal vurdere kva skriftleg materiale det er relevant å sende inn. Ved tvil er det likevel betre å sende for mykje enn for lite.

#### Bakgrunn

NIFU har på oppdrag frå Norges forskningsråd tatt på seg å gjennomføre ein studie av “FoU-politikken” ved statlege høgskular. Omstruktureringa av høgskulesektoren og Lov om universitet og høgskoler har sett FoU og forholdet mellom FoU og utdanning/undervisning på dagsordenen. Endringane i høgskulesektoren er av relativt ny dato, og ein manglar i dag ei samla, grundig oversikt over forsknings- og utviklingsarbeidet ved dei statlege høgskulane (Jf. Hesjedal, 1996).

Studien er lagt opp og igongsett i samforståing med leiaren for Høgskolerådets FoU-utval, Olav Hesjedal. Mellom anna vil resultata frå denne studien supplere materialet FoU-utvalet allereie har samla inn frå dei statlege høgskulane. Sjølv om vi har prøvd å unngå det, synest ei viss overlapping vanskeleg å kome unna. Vi håpar dette ikkje skapar problem.



## Formål med og avgrensing av studien

Studien har som formål å kartleggje FoU-politikken ved dei statlege høgskulane, det vil seie kva som kjenneteiknar FoU-verksemnda frå organisering til praksis. Dette rettar merksemnda mot korleis ein formelt organiserer FoU-verksemnda, kva verdimesseige og finansielle prioriteringar og val ein gjer, og korleis ein til dømes tilpassar seg planane om samarbeid og arbeidsdeling i UoH-sektoren (Norgesnett m.m.).

Bruken av omgrepet 'FoU' viser stor variasjon (Skodvin og Kyvik, 1994). Ulike utgreiingar og meldingar har gitt det forskjellig innhald og avgrensing. Som ein konsekvens føreligg det ikkje ei bestemt avgrensing og definisjon av omgrepet. Som eit utgangspunkt nyttar vi avgrensinga gjort i Skodvin og Kyvik (1994). Desse forfattarane inkluderer fire element i FoU og skiljer mellom *forskning, utviklingsarbeid, utgreiingsverksemd og forsøksverksemd*.

'Politikk' er heller ikkje noko eintydig og konsist omgrep. Det blir ofte brukt for å rette merksemd mot område der ein ønskjer handlingar, tiltak eller prioritet. For vår del indikerer vi at 'FoU-politikk' kjem til uttrykk som;

*Gjennomtenkte og bevisste haldningar til, meiningar om og strategiar for FoU-verksemd ved statlege høgskular. Vi forventar at dette avspeglar seg i formelle styrings- og plandokument, rapportar, handlingsplanar eller kjem til uttrykk i offisielle utsegner.*

*Konkrete handlingar og tiltak for 1) å betre vilkåra for FoU-verksemda (t.d. auka løyvingar, fleire stillingsheimlar, forskarutdanning) og/eller 2) vedtak og prioriteringar som definerer og bestemmer innhaldet i FoU-verksemda (til dømes kriteriar og krav for tildeling av stipend etc.).*

## Datainnsamling

Datainnsamlinga foregår i to rundar, og vi håpar FoU-ansvarlege ved dei statlege høgskulane stiller som kontaktpersonar og informantar i den samanheng.

I første runde tek ein kontakt med dei statlege høgskulane og ber om å få tilsendt *skriftleg materiale* som direkte eller indirekte omhandlar FoU ved høgskulen. Generelt er vi interessert i alt skriftleg materiale som omhandlar organisering, strategiar, planar, tiltak etc. knytta til FoU. Vi nemner kort:

- \* Stillingsinstruksar for dei som arbeider administrativt med FoU
- \* Reglar og retningslinjer for tildeling av stipend, permisjonar o.l. i samband

med FoU

- \* Mål- og strategidokument for høgskulen
- \* Årsmelding for 1996 (1995)
- \* Mål- og handlingsplanar for FoU-verksemda
- \* Rapportar, evalueringar o.l. som omhandlar FoU
- \* Statistisk materiale

Etter analyse av det skriftlege materiale, startar ein oppfølgjingsrunde der vi etter behov tek kontakt med dei statlege høgskulane for å få utfyllande opplysningar eller avklare spørsmål vi måtte ha.

Viss det synest fruktbart, kan det i oppfølgjingsrunden vere aktuelt å sende ut eit spørjeskjema. Dette er ikkje avklart i dag, og svaret vil til ei viss grad avhenge av datane vi får inn i første runde. I alle tilfelle er det ikkje snakk om noko stor sak.

## **Spesifisering av relevante tema og spørsmål**

Studien siktar mot å kaste lys over fleire tema/spørsmål som direkte eller indirekte har tilknytning til FoU-verksemnda ved statlege høgskular. Desse tema/spørsmåla kan slik sett sjåast som indikatorar for FoU-politikk. Sjølv om ein forventar justeringar etter første runde av datainnsamlinga, presenterer vi nokre av dei tema/spørsmål vi meiner er interessante og relevante. De kan eventuelt nytte dette som ei sjekk-liste, men ho er ikkje uttømande så De får bruke skjønn.

Følgjande tema og spørsmål ønskjer vi oversikt over:

### **1. Formell organisering av FoU-verksemnda**

- Oversikt over stillingar, kontor, utval m.m. som er tillagt formelt ansvar for FoU.
- Oversikt over ordningar eller system for fordeling av tid til FoU blant fagleg tilsette.
- Er planarbeidet for FoU “sjølvstendig” eller er det integrert i anna planarbeid ved SH?
- Organisering av oppdragsverksemd innan FoU-område.

### **2. Kompetanseutvikling ved statlege høgskular**

- Oversikt over doktorgradsstipendiatar som har hovudarbeidsplassen sin ved høgskulen.
- Oversikt over tilsette ved høgskulen som er formelt opptatt som doktorgradsstudentar.
- Føreligg det planar og tiltak for kompetanseheving?
- Har høgskulen etablert spesielle ordningar for å motivere/oppmuntre tilsette til å ta doktorgrad?
- Personal- og rekrutteringspolitikk ved høgskulen.

### 3. Samarbeid og arbeidsdeling (Norgesnett)

- Oversikt over samarbeidsavtalar, intensjonsavtalar etc. med andre institusjonar knytt til forskarutdanning, personalutveksling, vitskapeleg utstyr, prosjektfinansiering, publikasjonar m.m.
- Planar som omhandlar tildelte knutepunktfunksjonar og organisering av dette.
- Forhold til regionale forskningsstiftingar (for dei høgskulane som har slike stiftingar); samarbeidsordningar, koordineringsutval, fellesprosjekt etc.

### 4. Orienteringar, strategiar og utfordringar med omsyn på FoU

- Oversikt over prioriterte satsingsområde eller oppgåver innanfor FoU-område.
- "Overordna" styring av FoU-ressursar eller tildeling basert på søknad o.l.?
- Verkemidlar for å styrke FoU-verksemnda ved høgskulen.
- Spesielle problem og/eller utfordringar for organisering og gjennomføring av FoU.
- Haldningar til og oppfatningar om FoU ved høgskulen.

Vi håper ein ved høgskulane opplever prosjektet som relevant og interessant. Resultata frå studien vert publisert i ein NIFU-rapport i løpet av 1997.

Svarbrev kan stilast til utredningskonsulent Jan Are Remme på NIFUs adresse. Vi vil vere takknemleg dersom dette blir gjort innan 15. april -97. Viss pågåande planprosessar, evalueringar o.l. av spesiell relevans for studien blir avslutta i etterkant av denne fristen, ber vi om å gjerast merksam på dette og at ein heller ettersender denne dokumentasjonen.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Remme på tlf. 22 59 51 48.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing

Svein Kyvik  
Seksjonsleiar

Jan

Are

Remme

Utredningskonsulent

## Vedlegg 2: Brev til dei statlege høgskulane om rapportutkast og spørjeskjema

TIL STATLEGE HØGSKULAR

Deres ref.: [Deres ref.]

Vår ref.: 3256 U 485/97 SK/jar

### Organisering av FoU-verksemnda ved dei statlege høgskulane

Vi viser til tidlegare samtalar og brev om “studie av FoU-politikken ved statlege høgskular”. På bakgrunn av materialet send til oss frå høgskulane, er det utarbeidd eit utkast til rapport om organisering av FoU-verksemnda. Vi føler likevel behov for å gå ein ny runde med høgskulane for å kontrollere og sikre at skildringane vi gir er korrekte og pålitelege. Det kan ha skjedd omrokkingar i verv og stillingar sidan første kontakt oppretta, og bêt i tilfelle endringar om dette brevet vert formidla til rett person.

Vi ber om at ein spesielt fokuserer på kapittel 3 & 4 samt vedlegg 4. Dette er kapittel/vedlegg som gir eit riss av korleis høgskulane organiserer FoU-verksemnda i tillegg til litt om kompetanse og strategi. Kapittel 3 tek spesielt for seg høgskulane som har eit regionalt forskingsinstitutt knytta til seg. Vårt mål med utsendinga er:

**At ein les gjennom det som er skreve om sin eigen høgskule, og om nødvendig korrigerer, stryk eller tilføyar opplysningar som er presentert der (bruk vedlagte notat til dette formålet). Målet er å gi eit såpass oppdatert og korrekt bilete av den faktiske situasjonen som mogeleg, men det er likevel dei store linjene og ikkje detaljane vi er ute etter i denne omgang.**

Vi har og lagt ved eit spørjeskjema som kan nyttast til å gi konkrete opplysningar om FoU-verksemnda ved høgskulane. Vi håpar ein kan ta seg tid til å fylle ut dette skjemaet og returnere det saman med eventuelle korrigeringar i rapporten.

Vi håpar ein finn interesse i prosjektet. Resultatet vert publisert i ein NIFU-rapport i løpet av 1997. Svarbrev kan stilast til Jan Are Remme på NIFUs adresse. Av omsyn til eigne fristar treng vi svar seinast 15. oktober 1997. Eventuelle spørsmål kan rettast til Remme på tlf. 22 59 51 48.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing

Svein Kyvik  
Seksjonsleiar

Jan Are Remme  
Utredningskonsulent



Vedlegg: 2 utkast til rapport  
Spørjeskjema

## Vedlegg 3: Spørjeskjema om organisering av FoU-verksemda ved statlege høgskular

Hegdehaugsveien 31, 0352 Oslo  
Telefon: 22 59 51 00  
Telefaks: 22 59 51 01

# Organisering av FoU-verksemda ved dei statlege høgskulane

1. Kan du oppgi stilling/nemning på følgjande:

Fagleg FoU-ansvarleg:
Aministrativt FoU-ansvarleg:
FoU-utval (nemning):

2. Viss ein har FoU-utval:

Kva stilling har leiaren av FoU-utvalet: .....

.....

Kor mange medlemmar har FoU-utvalet: .....

Er alle avdelingar representert? Ja [ ] Nei [ ]

Kva mandat har det (sett kryss for det som passar):

Planlegging/rådgiving		
Saksbehandling/innstillingsrett		
Fatte bindande vedtak		

**3. Kva hovudstrategi følgjer ein i fordelinga av arbeidstid til FoU? (sett eitt kryss)**

Alle fagleg tilsette skal i prinsippet bli tildelt dei same ressursane:

Faglege resultat og produksjon (t.d. publisering) har førsteprioritet:

Formell kompetanseheving er mest sentralt:


**Kommentar:**

.....

.....

.....

.....

..

**4. Kor mange fagleg tilsette knytta til høgskulen held på med doktorgradsutdanning, og kva fagområde er dei knytt til?**

Fast tilsette i ordinære stillinger	Fast tilsette i stipendiat -	Stipendiata r utan fast tilsetting	Total	Herav knytt til dr.grads-p rogram i	Herav knytt til dr.grads- program i



	stillingar				Norge	utlandet
Humaniora						
Økonomiske fag						
Pedagogiske fag						
Andre samfunnsfag						
Helsefag						
Matematikk og naturfag						
Teknologiske fag						
Landbruks- og fiskerifag						
Andre fag (spesifiser);						

.....

5. Kor mange fagleg tilsette ved høgskulen er formelt tatt opp på hovudfagsprogram?.....
  
6. Kven har høgskulen formelt samarbeid med når det gjeld doktorgradsutdanning av fast fagleg tilsette? (namn på universitet/vitskapeleg høgskule)
  
7. Kven har høgskulen formelt samarbeid med når det gjeld hovudfagsutdanning av fast fagleg tilsette? (namn på universitet/vitskapeleg høgskule)

Eventuelle kommentarar (bruk gjerne baksida eller eige ark):

.....  
 .....

**Vedlegg 4: FoU-ansvarlege ved dei statlege høgskulane**

per 1. desember 1997

Statlege høgskular	Stillingar/ posisjonar med FoU-ansvar for heile institusjonen*
HiA	Prorektor: Ellen Frivold Studie- og forskingssekretær (50% stilling): Guri Paulsen
HiAk	Rektor: Nina Tollefsen Forslingskoordinator (50% stilling): Anne-Lise Høstmark Tarrou
HiB	Prorektor: Atle Våge FoU-leiar: (vakant) Studiedirektør: Berit Rokne Hanestad
HBO	Rektor: Inger J. Pettersen
HiBu	Prorektor: Kristin Ørmen Johnsen Studiesjef: Fred E. Nilsson
HiF	Rektor: Pål Markusson FoU-koordinator: Tore Nesheim
HiG	Prorektor: Jørn Wroldsen Studiesjef: Iver Jensen
HiH	Prorektor: Inger Aksberg Johansen Kurs- og forskingskonsulent: Kjetil Nilsen
HiHM	Prorektor: Erik Mønness Leiar av FoU-utval: Torstein Storaas Studiesjef: Hans I. Thorstensen
HiL	Rektor: Svein O. Haaland Leiar av forskingsutvalet: Ole Gunnar Austvik
HSM	Rektor: Anders Dedekam jr. Høgskoledirektør: Kjell Bugge
HiN	Prorektor: Lars Petter Lystad
HiNe	Rektor: Arna Meisfjord Førstekonsulent: Hanne Davidsen FoU-rettleiarar (50% stilling kvar): Tor Dybo & Tom Klepaker

<b>HiNT</b>	Prorektor: Ole Jakob Sørensen
<b>HiO</b>	Rektor: Steinar Stjernø FoU-direktør: Sven Christer Brusling FoU-rådgjevar: Tor Einar Edvardsen
<b>HSF</b>	Rektor: Jan Olav Fretland FoU-leiar: Georg Arnestad
<b>HiS</b>	Rektor: Erik Leif Eriksen FoU-leiar: Eirik Saugen
<b>HSH</b>	Rektor: Georg Førland
<b>HiST</b>	Rektor: Nina Kath. Ford Studiedirektør: Pål Hovde
<b>HiT</b>	Rektor: Arild Gjengedal Studiedirektør: Bjørn Goksøyr FoU-leiar: Inger M. Oellingrath
<b>HiTø</b>	Prorektor: Ulf Christensen Studiesjef: Øystein Aspaas
<b>HVE</b>	Rektor: Ingeborg Tvetter Thoresen Høgskoledirektør: Olav Refsdal FoU-direktør: Birger Aalvik
<b>HVO</b>	Rektor: Gunnar Stave Forskingskoordinator: Nils Magne Magerøy
<b>HiØ</b>	Rektor: Irene Dahl Andersen Studiesjef: p.t. vakant Personalsjef: Birgitta Næss
<b>HiÅ</b>	Rektor: Harald Yndestad Forskingskoordinator (50% stilling): Alfred Angelfoss
<b>SH</b>	Rektor: Asta M. Balto Høgskoledirektør: Måret Guhttor Forskarettleiarar (20% stilling kvar): Anton Hoem & Kamil Z. Øzerk

\* Vi understrekar at ein ved ein del høgskular desentraliserer ansvaret for forskning og utviklingsarbeid. Fleire avdelingar har på denne bakgrunn oppretta eigne stillingar og organ med FoU-ansvar. Desse er ikkje tatt med i denne

oversikta.